

Innovasjon i Noreg

Effekten av prioriterte målgrupper hos Innovasjon Noreg

Monica Meland Sigurdson



Masteroppgåve i samfunnsøkonomi ved Universitetet i
Oslo, økonomisk institutt

UNIVERSITETET I OSLO

22.09.2010

Innovasjon i Noreg

Effekten av prioriterte målgrupper hos Innovasjon Noreg

© Forfatter: Monica Meland Sigurdson

År: 2010

Tittel: Innovasjon i Noreg – effekten av prioriterte målgrupper hos Innovasjon Noreg.

Monica Meland Sigurdson

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Det finnst i dag mange ulike støtteordningar for norsk næringsliv. Med støtte meinast ikkje aleine direkte økonomisk finansiering eller lån, men også rådgjevnad, opplæring, kurs med meir. Denne oppgåva fokuserar Innovasjon Noreg og aktiviteten som er knytt opp mot innovative verksemdar i Noreg. Eg vil gjennom denne oppgåva greie ut om kven Innovasjon Noreg har som prioriterte grupper, kva grupper som mottek flest midlar frå Innovasjon Noreg, og deretter sjå på dei faktiske resultatane, altså innovasjonsaktiviteten til dei prioriterte gruppene innfor Innovasjon Noreg. Det ein ynskjer å oppnå med innovasjon er økonomisk vekst, vil derfor sjå om der er samanheng mellom Innovasjon Noregs tildeling av midlar, innovasjonsaktivitet og økonomisk vekst. Her vil hovudvekta ligga på dei geografiske prioriteringane, då eg i oppgåva vil måla økonomisk vekst per fylke og ikkje mellom kjønn og alder. Innleiingskapittelet tek for problemstilling som er å forsøka å finna ut kva effekt ein får av å ha prioriterte grupper i Innovasjon Noreg.

Ein utfordring som har prega oppgåva var å få tilstrekkeleg informasjon for å kunna skriva ei utfyllande oppgåve. Talmateriale som er tilgjengeleg frå års rapportar og enkelte evalueringar er ikkje tilstrekkelege for ein grundig analyse..

Det finnst ulike oppfatningar av kva termen innovasjon inneber. Innovasjon kan tyda noko som er nytt, dvs noko som ingen har oppfunnet tidlegare, andre oppfatningar av termen er noko som er forbetra/fornya. I kapittel 2 går ein gjennom ulike definisjonar på innovasjon, og utfordringa med å måla innovasjon. Å måla gjerast med utgangspunkt i teoriar og definisjonar av innovasjon, her står ein overfor utfordringar ved val av indikatorar og definisjon.

Innovasjon er ei kraftig kjelde til økonomisk vekst, og korleis innovasjon og økonomisk vekst heng saman vert diskutert i dette kapittelet. Det har for økonomar vore ei utfordring å finna drivkraft bak økonomisk vekst, og ulike teoriar har vorte danna.. Det optimistiske utfallet til tradisjonell vekst teori (nyklassisk vekst teori) passar ikkje heilt saman med røynda og er vorte kritisert for dette. Gjennom 1980 og 1990 åra vart økonomar stadig meir interessert i den rolla som kunnskap(teknologi) har for økonomisk vekst og utvikling. Økonomisk vekst er geografisk ujamt fordelt, og hovudvariabelen for å forklara ujamn vekst er imperfekt informasjon og stordriftsfordelar. I dagens økonomiske teoriar er det vanskeleg å finna konkrete svar på kvifor økonomisk vekst er geografisk ujamt fordelt.

Utviklinga til det norske innovasjonssystemet er noko spesielt då Noreg lenge var oppteken av å tilpassa teknologi til norske forhold framfor å utvikla sjølv. Institusjonar og politikk har hatt og framleis har ein fundamental påverknad på utviklinga til Noregs innovasjonssystem. I kapittel 3 greiar eg ut dette og om støtteapparatet i Noreg, om mål og ambisjonar, samt verkemidla i støtteapparatet. Regjeringas mål og ambisjonar er at det norske samfunn skal vera eit berekraftig samfunn, og målet er å styrka innovasjonsevna slik at den bidrar til mest mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi. Det offentleg finansierte innovasjonsapparatet i Noreg ugjerast av ulike sektorar og forvaltningsnivå. Dei 3 største institusjonane i Noreg er SIVA, Forskringsrådet og Innovasjon Noreg.

Innovasjon Noreg hadde i 2007 eit samla budsjett på 4,7 milliardar kroner, som dei får tildelt frå 5 ulike departement. Kapittel 4 handlar om Innovasjon Noreg, deira budsjett, og kor mykje som prioriterast til innovasjonsprosjekt. Innovasjon Noreg har 42 oppdragsgjevarar som årleg leverer oppdragsbrev, og dei fem departementa har alle ulike innovasjonspolitiske mål. Og Innovasjon Noreg handlar på vegne av desse instruksane. Det kan sjå ut som om det viktigaste formålet til Innovasjon Noreg er å bidra til kapasitet og strukturutvikling, 35prosent av alle midlane i 2007 gjekk til dette formålet.

Kapittel5 vil dreie seg om Innovasjon Noreg sine prioriterte målgrupper, vil her forsøka å samanlikna tildelingar til gruppene frå Innovasjon Noreg, og sjå korleis innovasjonsaktiviteten er. Kvinner, unge, små og mellomstore bedrifter og regionar er dei prioriterte målgruppene. Ein del av utfordringa når det gjeld prioritetsgruppa kvinner er korleis ein skal definera kvinneretta prosjekt, då det visar seg at ulike saksbehandlarar kan ta ulike avgjerder, noko som kan føra til at same tilfeller kan få ulik behandling og dermed ulike resultat. I perioden 2005 til 2007 var mellom 26 til 30 prosent av prosjekta som fekk tildelingar kvinneretta. Og av dei samla løyvingane i 2007 gjekk 21 prosent til kvinneretta prosjekt og 13 prosent til unge. Måltalet er at minst 40 prosent av etableringsstipend skal gå til kvinner. Ein har per i dag ikkje slike måltal for unge. I 2007 gjekk 25 prosent av totalt innvigsla beløp til små og mellomstore bedrifter med vekst ambisjonar og potensial (om lag 1 milliard kr). Den største andelen av midlane går til bedrifter med 1 til 4 tilsette.

I kapittel 6 går ein gjennom Innovasjons aktiviteten i dei ulike fylka i Noreg. Forsking og utvikling (FoU) heng nært saman, og vil bruka eit delkapittel på FoU. Av dei totale FoU utgiftene i 2005 er det Oslo og Akershus som er den dominerande regionen, og mottek 42 prosent av FoU utgiftene. Det er store skilnadar innafor FoU i regionane, dette kan vera

grunna busetings mønstre, nærheit til tenester, marknader og kompetansmiljø. Ulike regionar kan også ha ulik næringsstruktur, noko som verkar på FoU aktiviteten i den gitte regionen. FoU verksemda er konsentrert i dei sentrale områda i landet, dei fire nordlegaste fylka sto for saman 4 prosent av den eigenutførte FoU verksemda i 2005.

Befolkning, og befolkningsutvikling i dei ulike fylka kan vera årsak til ulike FoU, og innovasjonsaktivitetar, og vert gitt litt merksemd i dette kapittelet også. Det visar seg at gjennom det siste tiår har befolkningsutviklinga gått eintydig i sentraliserande retning. Og der eksisterar i Noreg ein relativt markant regional arbeidsdeling mellom storbyanes spesialisering innanfor kunnskapsintensiv tenesteyting, små og mellomstore byars spesialisering innanfor industri og mindre byar og stadsregionars spesialisering innanfor resursnæringane.

Når det gjeld den geografiske fordelinga av midlar i frå Innovasjon Noreg er der også store skilnader. Noko av dei fylka som mottek mest tildelingar frå Innovasjon Noreg nyttar lågast andel av dei tildelingane til innovasjonsprosjekt. Og fylker som mottek låge tildelingar, nyttar høgare prosent av tildelingane til innovasjonsretta prosjekt. Det visar seg også at dei mest perifere områda har lågast andel innovasjon, og dei mest sentrale har høgast andel innovasjon. Altså, innovasjonsaktiviteten finansiert av Innovasjon Noreg er vesentleg lågare i dei perifere områda, men ein stor andel i verkemidla retta mot primærnæringane går til desse områda, og dette kan vera ein forklarande variabel.

Når ein ser på utviklinga i BNP saman med tildelingane får Innovasjon Noreg ser ein at fylker som har ein høg prosent av tildelingane som går til innovasjon også har jamn auke i økonomisk vekst. Dette indikerar på at høgare prosentandel til innovasjon kan gje høgare økonomisk vekst. Når det gjeld nyetableringar og etablerings- og inkubatorstipend (ET og IS) ser ein ikkje ein klar relasjon mellom desse. Fylka som skil seg ut (Oslo og Akershus) med høgast nyetableringar er ikkje dei fylka som mottek mest Etablerings- og inkubatorstipend. Fylkar som fekk om lag like mykje i tildelingar (ET og IS) frå Innovasjon Noreg har ikkje liknande tal når det gjeld nyetableringar. Andre faktorar som kan tenkjast å kunna påverka nyetableringar er sentralisering, kultur, normer, BNP, befolkning, antal eksisterande bedrifter i fylket, og befolkningas motivasjon til å villa vera innovative/sjølvstendignæringsdrivande.

Forord

Denne oppgåva vart endra stadig undervegs grunna informasjon som viste seg å vera vanskeleg å få tak i og avgrensa tid. Tema for oppgåva vart dermed også endra undervegs. Takk til min veileiar ved denne oppgåva, Karen Helene Ulltveit-Moe, professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo. Vil også takka Nærings- og handelsdepartementet som har bistått med informasjon og vore veldig behjelpelige. Eg vil også gje ein spesiell takk til min medstudent Evelyn Amland for gode råd og smittande positivitet i ein stressa situasjon.

Eventuelle feil og manglar er åleine mitt ansvar.

Oslo 22.09.2010

Innholdsfortegning

1	Innleiing	1
2	Innovasjon og økonomisk vekst.....	3
2.1	Kvifor vera innovative?	4
2.1.1	Kan ein måla innovasjon?	5
2.2	Vekst teoriar	6
2.2.1	Tradisjonell vekstteori.....	6
2.2.2	Ny vekst teori	9
2.2.3	Schumpeter.....	10
2.3	Ujamm økonomisk vekst	11
3	Støtteapparatet i Noreg.....	14
3.1	Utviklinga til det norske støtteapparatet.....	14
3.2	Innovasjonsapparatet i Noreg	16
3.2.1	SIVA.....	17
3.2.2	Forskningsrådet	18
3.2.3	Innovasjon Noreg	19
3.3	Regjeringas mål og ambisjonar	20
3.3.1	Regional innovasjon.....	20
4	Innovasjon Noreg	24
4.1	Innovasjon Noregs budsjett	24
4.2	Midlar til innovasjonsaktivitet.....	25
5	Dei prioriterte målgruppene	29
5.1	Kvinner og unge	29
5.1.1	Kva er kvinneretta?	30
5.1.2	Tildelingar og innovasjonsaktivitet.....	31
5.2	Små og mellomstore bedrifter	33
5.2.1	Tildelingar og innovasjonsaktivitet.....	34
5.2.2	Entreprenørskap	35
5.3	Regional utvikling	36
5.3.1	Udekkede behov i sentrale strøk?	38
6	Tildelingar, Innovasjons aktivitet og økonomisk vekst geografisk fordelt i Noreg.....	39
6.1	Befolkningsutvikling	39

6.2	Regional fordeling av samla FoU-innsats i Noreg	41
6.3	Geografisk fordeling av midlar.....	44
6.3.1	Tilsegn til fylka 2008 - 2009	47
6.3.2	Er der fellestrekk mellom fylka som mottek mest støtte?	47
6.4	Nyetableringar	48
6.4.1	Andre faktorar som kan påverka nyetableringar?	52
7	Konklusjon	55
	Litteraturliste	59
	Vedlegg	63
	Tabell 1: Oversikt over løyver til Innovasjon Noreg 2007, målt i millionar kroner.	24
	Tabell 2: Kategorisering av formål for innovasjon Noregs verkemidlar	26
	Tabell 3: Oversikt over fordelinga av dei ulike verkemidla i Innovasjon Noreg på formål. ...	27
	Tabell 4: Oversikt over korleis tildelingane frå departementa til Innovasjon Noreg fordelast på ulike formål	28
	Diagram 1: Prosent tildelingar registrert retta mot kvinner og unge, 2005 -2007	31
	Tabell 5: Andel tildelingar og andel innvigsla beløp i 2007 frå Innovasjon Noreg, fordelt på bedriftsstorleik, i prosent.....	34
	Figur 1: Befolkningsvekst i regionane 1990 - 2010.....	40
	Tabell 6: Totale FoU-utgifter etter region.....	41
	Diagram 2: Eigenutført FoU etter fylker i 2006.....	42
	Diagram 3: Eigenutført FoU per sysselsett etter fylke i 2006.....	43
	Diagram 4: Tall for næringslivets innovasjonsverksemd etter fylker i 2006. Målt i prosent ..	43
	Diagram 5: Midlar til innovasjon etter fylker 2007.	44
	Diagram 6: Hovudtal nasjonalregnskap, bruttoprodukt (basisverdi)	46
	Tabell 7: Midlar til innovasjon, prosent til innovasjon, befolkning og sysselsetjing i 2007. ..	47
	Diagram 7: Nye føretak, unntatt offentleg forvalting og primærnæringane i 2008-2009.....	49
	Tabell 8: fylker med nyetableringar rundt gjennomsnitt 2008.....	50
	Diagram 8: Vekst i nyetableringar og tildelingar 2009 til 2009.	50
	Diagram 9: Nyetableringar i 2008 av fylker med tilnærma lik tildelingar frå Innovasjon Noreg.....	51
	Diagram 10: Antal nyetablering i relativt like fylker.	52
	Diagram 11: Antall bedrifter i fylket 2008K1 og 2009K1.....	53

1 Innleiing

Innovasjon Noreg er eit aktuelt tema i mange av dagens aviser, i dei mange artiklane som omhandlar Innovasjon Noreg vert det gjeve både ros og kritikk. Årsaka til valet av dette emne var grunna den store skilnaden i kva som vart sagt. Eg ville undersøka korleis innovasjonsaktiviteten var i Noreg i dag, og korleis Innovasjon Noreg påverka den. Den største utfordringa ved denne oppgåva var å finna informasjon om heile prosessen i frå ein søker tildeling, til ei bedrift har starta eller andre innovasjonsaktivitetar er utført. Oppgåva endra tittel støtt og stadig grunna mangel på tilstrekkeleg informasjon.

Det finnst i dag mange ulike støtteordningar for norsk næringsliv. Med støtte meinast ikkje aleine direkte økonomisk finansiering eller lån, men også rådgjevnad, opplæring, kurs med meir. Denne oppgåva fokuserar Innovasjon Noreg og aktiviteten som er knytt opp mot innovative verksemdar i Noreg. Eg vil gjennom denne oppgåva greie ut om kven Innovasjon Noreg har som prioriterte grupper, kva grupper som mottek flest midlar frå Innovasjon Noreg, og deretter sjå på dei faktiske resultatane, altså innovasjonsaktiviteten til dei prioriterte gruppene innafor Innovasjon Noreg.

Det ein ynskjer å oppnå med innovasjon er økonomisk vekst, vil derfor sjå om der er samanheng mellom Innovasjon Noregs tildeling av midlar, innovasjonsaktivitet og økonomisk vekst. Her vil hovudvekta ligga på dei geografiske prioriteringane, då eg i oppgåva vil måla økonomisk vekst per fylke (eller region) og ikkje mellom kjønn og alder.

Oppgåvas oppbygging

Kapittel 2 gjev ein introduksjon av termen innovasjon, og korleis innovasjon heng saman med økonomisk vekst. Går i dette kapitlet gjennom ulike vekstteoriar for deretter diskutera kvifor ein bør vera innovative.

Vidare i kapittel 3 greiar eg ut om utviklinga til det norske støtteapparatet, etterfølgt av eit kapittel om støtteapparatet som me har i Noreg i dag, om mål og ambisjonar til regjeringa, samt verkemidla SIVA, Forskningsrådet og Innovasjon Noreg.

I kapittel 4 ser ein på budsjettet til Innovasjon Noreg, og ser i kva grad innovasjonsaktivitetar vert prioritert. Dvs. her ser me på kor mykje av Innovasjon Noregs budsjett går til innovasjonsprosjekt. . Er det innovasjonsprosjekt Innovasjon Noreg nyttar mest midlar på?

Innovasjon Noreg sine prioriterte målgrupper er kvinner, unge, små og mellomstore bedrifter og regionar. I kapittel 5 vil eg sjå på korleis tildelingane frå Innovasjon Noreg fordeler seg mellom dei prioriterte gruppene, og sjå korleis tildelingane og innovasjonsaktivitet heng saman. I kapittel 6 vil eg sjå korleis tildelingar i frå Innovasjon Noreg er geografisk fordelt, korleis innovasjonsaktiviteten er geografisk fordelt, og sjå om her er ein positiv korrelasjon mellom tildelingar, innovasjonsaktivitet og økonomisk vekst. .

Kapittel 7 er konklusjonskapittelet.

Presisering av problemstilling

Innovasjon Noreg har følgjande grupper som oppgitte prioritetar; regionar, kvinner, unge og små og mellomstore bedrifter. Eg vil forsøka å finna ut kva effekten er av å ha prioriterte grupper. Eg vil dele problemstillinga mi inn i tre delspørsmål og gjennom oppgåva forsøka å svara på desse :

- 1) Korleis fordeler tildelingane frå Innovasjon Noreg seg mellom dei prioriterte målgruppene?
- 2) Er det ein positiv korrelasjon mellom tildelingar og innovasjonsaktivitet?
- 3) Er det ein positiv korrelasjon mellom tildelingar og økonomisk vekst?

2 Innovasjon og økonomisk vekst.

Innovasjon skjer i alle næringar, i nye og eksisterande bedrifter og innan for alle teknologiar. Innovasjonstermen er oftast knytt direkte til høgteknologiske næringar, men innovasjon skjer også i mindre teknologiintensive næringar. Men kva tydar eigentleg termen innovasjon? Der finnast ulike oppfatningar av kva ordet innovasjon inneberer. Ei populær tolking som media ofte nyttar er at innovasjon dreiar seg om å utvikla nye ting, med andre ord noko som ingen har oppfunnet før. Slik innovasjon er normalt utvikla av høgt utdanna arbeidskraft i FoU intensive bedrifter. Ei noko breiare definisjon refererer til innovasjon som det å ”prøva ut nye eller forbetra produkt, produksjon eller andre måtar å gjera ting på”. Denne definisjonen inkluderar ikkje berre teknologiske nye produkt og prosessar, men også forbetringar i produkt og produksjonsmetode, så vel som forbetringar i områder som logistikk, distribusjon og marknadsføring. Vidare kan denne typen innovasjon kan også gå føre seg på høgt nivå innafor såkalla ”låg FoU bedrifter”. Termen innovasjon kan også på denne måten verta nytta for endringar som er nye i ein lokal kontekst, sjølv om der til dømes finnast andre land, eller bedrifter som nyttar denne kunnskapen allereie. Denne breie definisjonen på innovasjon vil for nokon tyda imitasjon.

Ei studia leia av professor Oded Shenkar ved Ohio State University visar at imitering er undervurdert, og meiner at imitasjon kan til og med vera viktigare for vekst og utvikling enn innovasjon (Arild, 2007) . Shenkars forskning visar at 98 prosent av verdien av nyskaping går nettopp til dei som kopierar, og dermed ikkje til dei selskapa som oppfant produktet. Hans studie visar også at innovatørane i snitt sitt igjen med 1/3 høgare kostnadar enn imitatorane, og tyngast av investeringskostnader frå mange års forskning og utvikling. Imitatoren på sin side tilpassar sitt tilbod basert på marknaden reaksjonar, og når der skapast ein behov hos kundane er det naturleg at konkurrentar imiterar kvarandre og tilpassar produkta i sin marknad. Spørsmålet her er om imitasjon, som i dag gjer oss assosiasjonar til plagiat og juks, i staden burde vert kalla strategisk kompetanse.

Arne Isaksen definerte i 1996 innovasjon på følgjande måte: Innovasjon skjer når bedrifter setter ut i livet produkt, produksjonsmåtar og måtar å organisera verksemda på som er nye for dei, men ikkje naudsynt for andre bedrifter (Isaksen, 1996). Nærmare bestemt omfattar innovasjonar:

* Fornyng og utviding av produkt- og tenestepespekteret

- * Etablering av nye metodar for produksjon, leveransar, marknadsføring og distribusjon.
- * Introduksjon av endringar i leiing, organisasjon, arbeidsforhold og kompetanse i arbeidsstokken.

Frå st. meld. Nr 7 ”Eit nyskapande og berekraftig Noreg” finnast ein definisjon på innovasjon som er slik: ”ei ny vare, ei ny teneste, ein ny produksjonsprosess, anvending eller organisasjonsform som er lansert i marknaden eller tatt i bruk i produksjonen for å skape økonomiske verdiar” (Nærings- og Handelsdepartementet, 2008A).

OECDs definisjon av innovasjon vert delt inn i fire kategoriar (Wendt, 2007)

- 1) Produktinnovasjon: ei vare eller teneste som enten er ny eller er forbetra. Innovasjonen skal vera ny for føretaket, men må ikkje naudsynt vera ny for heile marknaden.
- 2) Prosessinnovasjon: nye eller forbetra produksjonsteknologi, metodar og nye eller forbetra metodar og levering av varer og tenester eller metodar. Innovasjonen skal vera ny for føretaket men må ikkje naudsynt vera den fyrste til å introdusera denne prosessen.
- 3) Organisatorisk innovasjon: ei gjennomføring av ny eller forbetra endring i strukturen i føretaket, eller ny eller forbetra endringar i leiingsmetoden.
- 4) Marknadsmessig innovasjon: introduksjon av ny eller vesentleg endra design, samt introduksjon av nye eller vesentleg endra sals metodar.

2.1 Kvifor vera innovative?

Dei underliggande målsetjingane for innovasjon er økonomisk vekst. Økonomisk vekst målast ofte ved BNP per innbyggjar. Faktorar som ligg bak økonomisk vekst er teknologisk framgang som inkluderar vitskap/grunnforskning og innovasjon, humankapital, auka realkapitalbeholdning, og overføring av produksjonsfaktorar til meir produktiv verksemd.

Nyare forskning om økonomisk vekst fokuserar på dei økonomiske drivkreftene bak den teknologiske utviklinga. Investering i FoU vert føretatt av aktørar som ynskjer å oppnå auka fortening ved utvikling av ny teknologi og nye prosessar. Summen av ei rekke nye produkt og prosessar aukar produktiviteten og produksjonen i økonomien og kan medføra vedvarande økonomisk vekst. Vellukka innovasjon og introduksjon av nye produkt kan gje både positive og negative eksterne verknader. Der kan oppstå incentivproblem angående produksjon av ny kunnskap/teknologi, det kan oppstå situasjonar der den nye kunnskapen overførast til andre bedrifter (som ikkje var med på å utvikla kunnskapen/teknologien) utan at bedrifta som

utvikla kunnskapen/teknologien vert kompensert for dette. Dette kan føra til mindre investering i FoU enn det som er samfunnsøkonomisk gunstig. Myndigheita må med bakgrunn i dette ta ein totalvurdering av positive og negative verknadar, og deretter avgjera om ein skal investera i FoU, og dermed høgare økonomisk vekst. Om den samfunnsøkonomiske avkastinga av FoU er høgare enn den bedriftsøkonomiske kan myndigheita med fordel stimulera til auka FoU og auka kunnskapsakkumulasjon i samfunnet, og på denne måten bidra til auka økonomisk vekst (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Økonomisk vekst skjer både ved at ei auke i kunnskapsnivået aukar produktiviteten, og ved at fleire produkt gjer fleire innsatsfaktorar. Den FoU som skjer i Noreg vil på dei fleste områda vera liten i forhold til den som skjer i resten av verda (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Ny kunnskap og ny teknologi overførast ikkje berre mellom bedrifter men også mellom land, opne økonomiar er avhengige av handelspartnarar for å få tilført maskiner og utstyr, innsatsvarer og konsumvarer. Produksjonsmetodar, organisasjonsformer, produktdesign og produktutvikling vert overført mellom land både ved handel og ved annen internasjonal kontakt. Eit land vil altså kunne dra nytte av teknologi og kunnskapsutviklinga som skjer i andre land. Utviklinga av ny teknologi og kunnskap er som regel karakterisert ved høge eingongskostnadar, medan kostnaden ved at ein person ekstra nyttar teknologien er låg eller tilnærma lik null (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Innovasjonsforskning er eit relativt nytt felt, først på 80-tallet fekk denne forskinga eit vist omfang. Mykje av forskinga har hatt empirisk karakter, og har vert understøtta datakjelder om innovasjonsaktivitet, FoU og data om patentering og databasar om vitenskapleg publisering (Nærings- og handelsdepartementet, 2000) .

2.1.1 Kan ein måla innovasjon?

Å måle innovasjon er ikkje enkelt. Å foreta mål gjerast med utgangspunkt i teoriar og definisjonar av innovasjon, og avheng dermed av definisjonen på innovasjon. Ein står overfor utfordringar både på operasjonalisering og faktisk måling. Innovasjon er problematisk å handtera i økonomisk teori og er samstundes vanskeleg å måla, ein må velja indikatorar som ein prioriterar, og som er lette å måla. Innovasjon skjer i næringslivet, FoU miljø og offentleg sektor. Når det gjeld målingar er ein kome lengst overfor næringslivet (Aksjonsprogrammet).

CIS- undersøkingane (EUs Community Innovation Survey) understrekar viktigheita av eit godt samspel mellom ulike element i innovasjonssystemet. Per i dag eksisterar der ingen modell som skildrar kva relasjon det er mellom dei ulike faktorane eller indikatorane. Dersom ein tek for seg ein statistikk, finnast det ei rekke indikatorar som kvar for seg uttrykker ulike aspekt ved eit lands, regionars eller verksemders innovasjonsevne. Det finnast også ulike måtar å gruppere desse på. Der er tre faktorar som går igjen i dei fleste analyser og dei er kunnskap, entreprenørskap og IKT. Der er ingen enkelt indikator som gjer ein fullstendig gjengjeving av røynda. Det finnast mange ulike måtar å systematisera og analysera eit sett av innovasjonsindikatorar på (Aksjonsprogrammet).

Som ein har lest over er der ulike definisjonar på kva innovasjon inneber i praksis. Dette vil kunna påverka målingar, resultat og tolkingar av innovasjonsundersøkingar avhengig av kva definisjon ein nyttar. Innovasjon (uansett definisjon) påverkar økonomisk vekst, og vil no gå gjennom eit par teoriar knytta til innovasjon og økonomisk vekst for å visa korleis dei heng saman.

2.2 Vekst teoriar

Det har for økonomar vore eit utfordring å finna drivkrafta bak økonomisk vekst, og å forklara kvifor der er så stor skilnad i utvikling mellom ulike land og regionar. Økonomar har gjennom dei siste 40 – 50 åra fokusert på tilgang på arbeidskraft og teknologisk utvikling for å forklara økonomisk vekst, men spesialisering, og utnytting av stordriftsfordelar og naturgitte fortrinn gjennom internasjonal handel og varebytte har vore viktige faktorar for å forklara auka produksjon (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

2.2.1 Tradisjonell vekstteori

Den såkalla gamle neoklassiske vekstteori nytta i 1950 åra gav ein god start på å finna ein teori som kan forklara korleis innovasjon og økonomisk utvikling heng saman. Denne teorien var basert på ideen at teknologi var eit offentleg gode (Jan Fagerberg M. S., 2009). Eit offentleg gode er i sin reinaste form karakterisert ved å vera ikkje rivaliserande og ikkje ekskluderande. Ikkje rivaliserande vil seie at nytten av konsum av gode vert ikkje påverka av fleire konsumentar, eit individs konsum av det offentlege gode skal ikkje påverka eit anna individ sitt konsum av det same gode. Ikkje ekskluderande tyder at ein kan ikkje hindra

konsumentar å konsumere gode.. Robert Solow var økonomen bak den neoklassiske vekstteorien. Denne modellen var basert på standard neoklassiske antakingar, som perfekt konkurranse, perfekt informasjon, maksimerande oppførsel, ingen eksternalitetar og positive og avtakande marginal produkt (Jan Fagerberg D. C., 2009). Nivået på produksjonen er avhengig av innsatsen av arbeidskraft, kapital og det teknologiske nivået. I teoriens originale form var produksjonen avhengig av innsatsen av arbeidskraft og kapital, og om ein tek utgangspunkt i ein gitt teknologi og ser på produksjonen per arbeidar, kan produksjonen og den økonomiske veksten aukast gjennom investeringar i realkapital. Denne lønsemda i realkapital vil avta etter kvart som kapitalbehaldninga aukar, slik at veksten i kapitalbehaldning og produksjon vil flata ut. For å tillate langtids vekst i BNP per innbyggjar, tilførte Solow ein eksogen term som han kalla teknologisk framgang. Merk at teknologi (eller kunnskap) her er eit offentleg gode. Om teknologi og/eller kunnskap er fritt tilgjengeleg i eit land, vil det også vera det i andre land. Med denne antakinga vil den neoklassiske vekstteorien om økonomisk vekst forutsjå at på langsikt vil BNP per innbyggjar i alle land veksa med same eksogene rate av global teknologisk framgang (Jan Fagerberg D. C., 2009). Altså, ved introduksjon av teknologiske framsteg og produktivetsforbetring i denne modellen vil den økonomiske veksten halde fram. Dette er på grunn av at produktivetsforbetringar i seg sjølv gjer auka økonomisk vekst, og fordi auka produktivitet auka lønsemda av investeringar, detter gjer grunnlag for ytterlegare aukingar i kapitalbehaldninga (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Den einaste faktoren i denne modellen som kan forklara skilnadane i vekst i BNP per innbyggjar er noko som ein kalla overgangs dynamikk, som eksempelvis at der vil vera stor skilnad på initiale godar. Altså, dei initiale vilkåra er der stor skilnad på, land har ulike utgangspunkt og vil ha ulike vekst ratar i utviklinga mot langsikts jamvekta. Til dømes så kan fattige land ha ein høgare vekst enn rike land grunna at land der det er lite kapital samanlikna med arbeidskraft (der kapital -arbeids raten er låg) kan ein forventa typisk vil ha høgare kapital avkastning , ein høgare rate av kapital akkumulasjon og høgare vekst per innbyggjar. Her meinast at kapital er internasjonalt mobilt og rørar seg til dei landa der moglegheita for profitt er høgast. Her vil ein forventa at skilnaden mellom rike og fattige land vil verta mindre, og tilslutt forsvinne (Jan Fagerberg D. C., 2009).

Med utgangspunkt i utviklinga i produksjonen i forhold til tilgang på arbeidskraft undersøkjast i empiriske testar ofte kor stor del av auka i produksjonen som kan tilskrivast

auka kapitaltilgang. Delen av auka i produksjonen som ikkje kan tilskrivast auka kapitaltilgang, altså arbeidskraft eller kapital, vil ofte omtalast som betring i total faktorproduktivitet. Resultata av dei empiriske undersøkingane variera men dei fleste visar at om lag halvparten av veksten i produksjonen kan tilskrivast auka tilgang på arbeidskraft og kapital, og resten tilskrivast vekst i total faktorproduktivitet (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Om denne modellen utvidast til å ta omsyn til effekten av investeringar i utdanning, finn ein at utdanningsnivået bidrar til at modellen får større forklaringskraft, og modellen forklarar ein større del av skilnadane i produktivitet og økonomisk vekst mellom land. Her er det også mogleg at samanhengen mellom utdanning og økonomisk vekst skuldast at rike land investerer meir i utdanning, snarare enn at auka satsing på utdanning gjer land rikare. (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

I denne modellen er myndigheitas moglegheit til å auka den økonomiske veksten på lang sikt avgrensa. Økonomien vil sjølv røra seg mot den jamvekta og kapitalbehaldninga der den økonomiske veksten er bestemt av den teknologiske utviklinga. Dette er ei jamvekt som ikkje kan verta påverka av myndigheitas inngrep så lenge spareslutningar er tatt av aktørar som i sine slutningar tek omdyn til sine etterkommarar. På kort sikt derimot kan myndigheita påverka spareraten og vekstraten, og på den måten påverka tida det tek for å nå jamvekta. På lang sikt vil den økonomiske veksten i hovudsak vera bestemt av den teknologiske utviklinga, sjølv om myndigheita kan påverka økonomien på kort sikt (Nærings- og handelsdepartementet, 2000) .

Den tradisjonelle vekstteorien vert kritisert av ulike grunnar, antakingane som modellen byggjer vil ikkje i praksis eksistera då det ikkje alltid er slik marknaden fungerer. Den teknologiske utviklinga inngår i modellen med ein forhandsbestemt vekstrate, og på denne måten vert ikkje drivkraftene bak økonomisk vekst forklart. Teknologiutviklinga i denne teorien er ikkje modellert, og då kan ein ikkje vurdere om det er behov for marknadskorrigerande tiltak for å auka den økonomiske veksten. Desse svake punkta i den tradisjonelle vekst teorien har ført til at økonomar arbeida vidare for å danna modellar der teknologiutvikling og kunnskapsakkumulasjon vert forklart i modellane, og ikkje inngår ved ein forhandsbestemt rate. Ein ynskjar altså å auka vår forståing av desse faktoranes betyding for økonomisk vekst, og for myndigheitas moglegheiter for å påverka utviklinga av teknologiar og økonomisk vekst (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Det optimistiske utfallet av denne teorien passar ikkje saman med røynda. Når ein ser korleis ulike land har endra seg over tid, ser ein at skilnadane mellom industrialiserte land og utviklingsland har auka og ikkje avteke, og land som har kome seg ut av fattigdom har ikkje vore passive adoptantar av teknologi. Dette førte til at ein måtte finna ein annan metode for å forstå samanhengen mellom teknologi og innovasjon for økonomisk utvikling. I 1980 og 1990 åra var der forskarar som hevda at i praksis vil ein vellukka utnytting av teknologi for utvikling, avhenga av eit lands evne til å danna dei naudsynte kunnskapen dei treng (Jan Fagerberg M. S., 2009).

2.2.2 Ny vekst teori

Gjennom 1980- og 1990-åra vart økonomane stadig meir interessert i rolla som kunnskap (teknologi) har for vekst og utvikling, og det er dette som vert referert til som den nye vekst teorien. Kunnskap kan ta ulike formar, som til dømes teoretisk eller praktisk. Kunnskap kan verta oppnådd gjennom forskning og læring, gjennom utdanning eller øving, eller observere kva andre gjer, og deretter prøve å imitere. Kunnskapen som har med å produsera og distribuere varer og tenester er det som interesserar økonomar mest, og er vanlegvis inkludert i termen teknologi (Jan Fagerberg D. C., 2009, s. 8). Det er blitt vanleg i litteraturen å ta i betraktning tre aspekt ved teknologisk kapasitet; produksjonskapasitet, investeringskapasitet og innovasjonskapasitet. Produksjonskapasitet trengs for å operera produktive anlegg effektivt og for å tilpasse produksjonen til endrande marknadsomstendigheitar. Investeringskapasitet trengs for å etablere nye produktive anlegg og justera prosjekt design til å passe omstendigheita for investering. Innovasjonskapasitet trengs for å skapa ny teknologi, eller utvikla nye produkt eller tenester som betre kan møta krava frå marknaden (Jan Fagerberg M. S., 2009).

Det som er sentralt i nye vekst teoriar er at investeringar i teknologi- og produktutvikling vert føretatt av økonomiske aktørar som ynskjer å oppnå auka lønsemd. I desse teoriane vert der også introdusert eksternalitetar knytta til kunnskap, introduksjonen av dette vert ofte gjort samstundes som ein løysar på antakinga om perfekt konkurranse. Kunnskap er i å for seg ikkje-rivaliserande, men det vil i praksis vera ein viss grad av ekskluderbarhet knytt til ny kunnskap, i ein viss periode. Dette gjer økonomiske aktørar incentiv til å investera i FoU og ny kunnskap, samstundes som bedrifter og personar kan oppnå meiravkasting gjennom vellukka nyutvikling sidan det tek tid og/eller er kostbart for konkurrentar å kopiera ideen

eller produktet. Likevel vil eksternalitetar knytt til utvikling av FoU og ny kunnskap føra til at det vert generert for lite FoU og kunnskap, slik at den økonomiske veksten kan verta lågare enn det som kunne vore ynskjeleg frå eit samfunnsøkonomisk synspunkt. Dette kan vera på grunn av at ein del av fordelane ved utvikling av ny teknologi eller ny kunnskap kan tilfalle andre aktørar enn dei som står for nyutviklinga (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Kunnskap og økonomisk utvikling er nært relatert, og på denne måten vil kunnskap verta sett på som ein viktig faktor for utvikling, og spesielt i utviklingsland. For over to hundre år sidan vart den ”klassiske politiske økonomien” danna, og sidan den gong har økonomar fokusert på akkumulert kapital per arbeidar når dei forsøker å forklara skilnadar i inntekt eller produktivitet. Og på liknande måte har skilnadar i økonomisk vekst vert reflektert av ulike ratar av kapital akkumulasjon. (Jan Fagerberg M. S., 2009)

Hovudtanken bak nyare vekst teori er at innovasjonar er kumulative og komplementære, slik at dei økonomiske motiva for å investera i ein teknologi er for svake. Økonomisk vekst kan derfor verta påverka på ein negativ måte grunna investeringar som vert stoppa eller forsinka. Ein innovasjon innan eit felt, eller ein sektor kan ha konsekvensar for utviklinga i andre delar av økonomien utan at dette vera teke omsyn til av dei som står for innovasjonen(e). Altså, innovasjonen kan danna grunnlag for innovasjonar i andre delar av økonomien, eller kan innovasjonen på eit felt påverka den samla produktiviteten i økonomien (Nærings- og handelsdepartementet, 2000).

Denne teorien spår at store land vil vera meir innovative enn små land, og vil også ha større fordelar enn mindre land. I Europa har fleire undersøkingar vorte utført frå tidleg 1990 og fram til i dag. Resultata indikerar ein klar korrelasjon mellom innovasjons aktivitet og nivået av utvikling, kvar høgare nivå BNP per innbyggjar førar til større andel bedrifter vil ta del i innovasjons aktivitetar (Jan Fagerberg M. S., 2009, s. 33)

2.2.3 Schumpeter

I ”A guide to Schumpeter” (Fagerberg) har Jan Fagerberg skive ein kort introduksjon til Schumpeter og hans teori. Schumpeter var ein professor ved Universitetet i Bonn i 1925, og ved Harvard i USA i 1932. Han utvikla ein veldig original tilnærming til forskinga på dei langsiktige økonomiske og sosiale endringane ved å fokusera på innovasjon og faktorar som påverkar innovasjon. Han skilde seg frå dei neoklassiske økonomiske teoriane forklart over.

Han meinte at måten kapitalistiske firma kunne halda seg konkurransedyktige var å auka produktiviteten ved å introdusera nye og meir effektive maskiner. Firma som klarte dette ville sjå at deira konkurransedyktigheit ville verta forbetra, og med dette få profitt over gjennomsnittet. Dei som ikkje lukkast med dette, ville verta ulønsame og tilslutt verta drivne ut av marknaden. Denne (teknologiske) konkurransen, var for han den sanne natur til kapitalistisk konkurranse, i motsetnad til ”pris -konkurransen” som var i tradisjonelle bøker.

Schumpeter utvida perspektivet frå å fokusera kun på kostnadsreduering gjennom introduksjonen av nye maskiner (prosess innovasjon), til å inkludera andre typar av innovasjon i tillegg (innovasjon i både produkt, organisering, mm.). Schumpeter forsøkte også å utvikla ein teori om innovasjon, kvar han definerte innovasjon som ein ny kombinasjon av nye eller eksisterande kunnskap, resursar, utstyr og liknande. Han sa også at termen innovasjon måtte skiljast frå termen oppfinning. Schumpeter begrunna dette med at innovasjon er ein sosial aktivitet (funksjon) som vert gjennomført innan den økonomiske sfære og med eit kommersielt formål, medan oppfinning kan i prinsippet kan verta gjennomført overalt og utan ein hensikt til kommersialisering.

Der er mange faktorar som verkar inn i individ, grupper og sosiale nivå, som gjer det vanskeleg å lukkast med innovasjon. Problemet er ikkje i like stor grad tilstade i utviklinga av nye idear, som den er med den økonomiske gjennomføringa. Schumpeter argumenterer med detta at det trengs meir enn berre ledelsesmessig kompetanse. Det er denne ”spesielle kvaliteten” som han assosierer med entreprenørar.

Økonomar hadde kun interesse for Schumpeters teori nokre få tiår etter hans død, etter kvart vart det adoptert statisk, matematisk jamvekts tilnærmingar som Schumpeter synast var interessante, men som han meinte ikkje hadde særleg verdi for å forstå temaet. I nyare tid har det imidlertid igjen vorte fokus på hans metodar, og behovet for å forstå årsaker og verknader av innovasjon er no i større grad akseptert.

2.3 Ujamm økonomisk vekst

Frå NIFU STEP “Hvorfor er økonomisk vekst geografisk ujevnt fordelt?” (Reinert, 1994) er der diskutert denne problemstillinga om teoretiske modeller og korleis dei fungerer i praksis. I denne rapporten vil dei forsøka å visa at dei mekanismene som skapar ujamm vekst mellom

geografiske områder skjular seg i dei forutsetnadane som er vald i teorien, dvs dei faktorane dagens økonomiske teoriar har forutsatt ikkje eksisterar.

Ein aukande integrering av verdsøkonomien har skapa auka behov for geografisk fordeling i heile den vestlege verda. Desse problema har ikkje vorte, og vert framleis ikkje diskutert på ein teoretisk plan. Ujamm økonomisk fordeling mellom regionar så vel som mellom land oppstår gjennom at dei enkelte land eller regionar spesialisere seg på ulike produkt, som igjen vanlegvis bytast med produkt frå andre land eller regionar. Ulik vekst kjem frå ulikskapen i den måten kostnadane oppfører seg på ved stigande (og senkande) produksjonsmengder i dei ulike aktivitetane, i den grad kunnskapen for å produsere er lett eller vanskeleg tilgjengeleg, i minimum effektiv storleik på konkurransedyktige produserande einingar, og i andre faktorar som påverkar graden av imperfekt konkurranse, dette skapar ulike barriers to entry i dei økonomiske aktivitetar ein geografisk region er spesialisert i.

Med unntak av antakinga om at arbeidskrafta er mobil mellom eit lands regionar, men ikkje mellom land, er desse mekanismene, og dermed også handleteoriar mellom regionar og mellom land i prinsipp det same. Innan eit område med fri flyt av kapital og arbeidskraft – som i dagens EU – er det i prinsippet ingen skilnad på nasjonal og regional handelsteori. Mykje av diskusjonen om ujamm vekst mellom land kan derfor nyttast for å forstå ujamm vekst mellom regionar. Etter at økonomisk teori fråskreiv seg moglegheita for å forstå ujamm vekst vart dette temaet tatt over av geografar, desse byggjar sine teoriar på ikkje-nyklassisk økonomi. Nyklassisk økonomi er eigentleg eit ressursfordelingssystem som beviser deg perfekte fordeling av varer som allereie er produsert. Nyklassisk økonomisk teori har derfor lite å sei om ujamm fordeling. Slik vekst teoriane er vil dei antakingane ein økonom vel til ei kvar tid vera heilt sentrale for hans suksess.

I den såkalla nye økonomiske vekstteorien vert det jobba med forståing for den økonomiske vekstprosessen. Dei fyrste modellane endra ikkje på konklusjonane i den nye klassiske teorien, men ein ny generasjon modellar byggjar inn innovasjon og stordriftsfordelar. Desse modellane er interessante fordi dei visar at offentleg økonomisk politikk kan forbetra eit lands velferd. Antakinga om perfekt konkurranse mistar også sin sentrale rolle på grunn av at imperfekt konkurranse er naudsynt for innovasjon.

Det er stordriftsfordelane saman med spesialisert kunnskap som har ulik marknadsverdi, som dannar grunnlaget for ujamm vekst. Hovudfaktoren bak økonomisk vekst og

velstandsutvikling er teknologisk endring. Det velstandsnivået eit samfunn befinner seg på er bestemt av samfunnets teknologiske nivå. I Schumpeteriansk økonomisk teori (omtalt i kap 2.3.3) har fått ein kraftig oppsving dei siste ti år, dette alternative økonomisynet spelar teknologisk endring ein hovudrolle. Ein konsentrerar seg nesten utelukkande om å forklara vekst, utan å ta for seg den ujamne veksten som ligg latent i den same analyseforma. Så når det gjeld forholdet mellom teknologi og ujamn vekst er det ikkje gjort mykje.

Hovudvariabelen for å forklara ujamn vekst er imperfekt informasjon og stordriftsfordelar. Innovasjon skapar og behov for investeringar, og den viktigaste kjelda til kapitalakkumulasjon er forteninga skapt av imperfekt konkurranse og innovasjon. Frå ein Schumpeteriansk synspunkt er økonomisk vekst ein utilsikta biverknad av nokon økonomiske aktivitetar. Rapporten konkluderar med at ein ikkje kan finna svar på notatest spørsmål (Hvorfor er økonomisk vekst geografisk ujevnt fordelt?) i dagens økonomiske teoriar (Reinert, 1994) .

3 Støtteapparatet i Noreg.

Det er mogleg for myndigheita å påverka økonomisk vekst gjennom innovasjon, og dette er ein av årsaka til at me har eit støtteapparat i Noreg i dag som vil bruka midlar på innovasjon for å oppnå økonomisk vekst. Vil no gå igjennom utviklinga til den norske innovasjonssystemet, for deretter å gå gjennom støtteapparatet det innovasjonssystemet me har i Noreg i dag, etterfølgt av regjeringas mål og ambisjonar når det gjeld innovasjon.

3.1 Utviklinga til det norske støtteapparatet

Dette kapittelet baserar seg på artikkelen ”The evolution of Norway's national innovation system” skrivet av Jan Fagerberg (Jan Fagerberg D. C., 2009).

I byrjinga av det 20 år hundre var norsk økonomi avhengig av eksterne kjelder til ny teknologi. Teknologi frå utlandet vart tilpassa norske vilkår av teknisk utdanna individ. Ein nasjonal offentleg forskings infrastruktur vart sakte utarbeida då der var behov for norske firma og industrier. I byrjinga var prioriteten å støtta etablerte industrier (med politisk påverknad) som til dømes gruvedrift, fiske og landbruk. Noregs tekniske universitet (NTNU) vart etablert i 1910, og vart ein viktig kjelde av kvalifisert personell for industri. Forskarar og entreprenørar frå Noregs universitet vart aktive i industriell konsultering, og gjennom det 20 år hundre vart Noregs forskingsinstitusjonar utvida. Ved midten av det 20 århundre hadde Noregs innovasjonssystem fått mange av dei trekkene som dei har i dag. Norske firma var innovative på mange måtar og hadde behov for høgt utdanna arbeidskraft, likevel investerte dei lite i intern FoU, og i staden leita dei etter problemløysande teknologi frå andre firma, forskings institusjonar, offentlege kjelder, med meir. Dersom dette ikkje førte fram investerte bedriftene eventuelt i intern FoU. Mykje av innovasjonen i industrien avhang av interaksjon med andre aktørar i systemet. Sjølv i dag er der ein sterk tendens for norske firma å samarbeida med andre partnarar i innovasjon – ein kan seia at dei strevar mot samarbeids innovasjonsstrategiar. Dette er noko som skil det norske innovasjonssystemet frå mange andre økonomiar.

Etter funnet av olje og gass starta Noreg produksjon i dei tidlege 1970 åra. Oljesektoren har vore viktig for Noregs økonomi sidan 1975 og fram til i dag. Den raske auka i inntekt frå olje og gass sektoren tillat Noreg å føra ein ekspansiv fiskal og pengepolitikk gjennom 1980- og

1990- åra. Noregs arbeidsdeltaking og økonomisk vekst var høgare, og arbeidsløysa var konsekvent lågare samanlikna med vest Europa som ein, over ein periode. Noreg har dei siste 30 åra hatt ein høg rate av arbeidsdeltaking, som i gjennomsnitt har vore meir enn 2,5% per år sidan 1975. Denne sterke økonomiske prestasjonen er likevel knytta til låge nivå av forskings og utviklings investeringar enn i dei fleste andre høg -inntekts europeiske økonomiar. Noregs FoU/BNP rate er på 1,6% og er svært låg samanlikna med Sverige (om lag 3,9%) og Finland (3,5%). Og som mange andre land med låg FoU intensitet er Noregs økonomi karakterisert ved ein relativt stor andel av statleg finansiert FoU, som består hovudsakleg av FoU utført av universitet og institusjonar innanfor offentleg sektor. Noregs ressurs baserte sektorar som aluminium, olje og gass, fiske og oppdrett har lenge vore svært innovative.

Noreg sin økonomiske spesialisering avviker sterkt frå dei fleste andre høg inntekts land, kvar der til dømes er store skilnadar mellom det norske innovasjonssystemet og nabolanda Finland og Sverige. OECD visar gjennom rapporten "OECD Reviews of Innovation Policy, NORWAY", (OECD, 2008) korleis det norske innovasjonssystemet er noko paradoksalt som følgje av at Noreg kombinerar høgvekst i produktivitet og inntekt samstundes som der er komparativt låge nivå av innovasjon.

Eit nasjonalt innovasjonssystem består av firma i mange ulike sektorar som alle opererer med ein felles kunnskaps infrastruktur og eit felles institusjonelt og politisk rammeverk. Samansettinga av sektorar i ein nasjonal økonomi påverkar drifta og strukturen i det nasjonale innovasjonssystemet, sjølv om det nasjonale innovasjonssystemet påverkar ytinga i sektornivå systemet. Karakteristikken til sektorane påverkar utviklinga av kunnskaps infrastruktur, institusjonar og politikk på nasjonalt nivå, og desse faktorane vil igjen påverka utviklinga av den nasjonale økonomien og sektorsamansettinga. Institusjonar er vanskeleg og kostbart å etablere, men forenkler økonomiske interaksjonar når dei er etablert og førar til stordriftsfordelar.

Innovasjon er ofte assosiert med høgteknologisk industriar. Noreg har derimot ikkje noko betydeleg store internasjonalt firma i høgteknologi industrien, og ingen universitet som er rangert med dei topp 50 universiteta i verda. Noregs befolkning er liten (om lag 4,6 millionar) og Noreg er blant dei 50 landa med lågast befolkningstetthet¹. Alle desse eigenskapane er sjeldan sterkt assosiert med sterk nasjonal innovasjonsaktivitet. Andre eigenskapar ved den

¹ om lag 12 personar per km²

industrielle innovasjon i Noreg er samarbeid i innovasjon, interaksjon mellom produsent og kunde, kvalifikasjonen til arbeidsstyrken og adoptering av teknologi, som er relativt sterke samanlikna med dei fleste andre europeiske økonomiar. Typisk vil nye verksemdar som har lite til felles med økonomisk sterke eksisterande sektorar sjå det nasjonale innovasjonssystemet som dårleg tilpassa deira behov. Der er vorte argumentert for at Noregs innovasjonssystem har produsert ein struktur av politikk og institusjonar som gjer liten støtte for nye, kunnskapsintensive sektorar. Innovasjonssystemet er opent, noko som tyder at nye initiativ vil førekomme, og seleksjonsprosessen som vel ut desse initiativa er kompleks og opererer på fleire nivå.

Institusjonar og politikk har hatt og har framleis ein fundamental påverknad på utviklinga av Noregs industrielle struktur og innovasjonsrelaterte aktivitetar. I Noreg, så vel som i andre land, vil lærdom og innovasjon oppstå også utanfor grensene til organisasjonar som spesifikt er danna for å støtta innovasjon. Dersom ein ignorerer denne økonomiske framgangen frå desse ”ikkje-formelle” innovasjonsrelaterte aktivitetane kan det føra til ein misleiande reiegrering av kjeldane til økonomisk vekst, som igjen kan føra til ein misleiande politikk (Jan Fagerberg D. C., 2009).

3.2 Innovasjonsapparatet i Noreg

Det finnst i dag mange ulike støtteordningar for norsk næringsliv. Denne oppgåva omhandlar dei støtteordningane som er knytt til innovative verksemdar i Noreg. Det er hovudsakleg tre store institusjonar som gjer støtte til innovative aktivitetar i Noreg, det er SIVA, Forskringsrådet og Innovasjon Noreg. Desse tre institusjonane vart finansierte gjennom fleire departement men ligg hovudsakleg under Nærings- og handelsdepartementet (NHD). I 2005 inngjekk desse ein omfattande samarbeidsavtale der dei samarbeidar om utvikling og drift av oppgåver som ligg i kryssinga mellom institusjonanes ansvar (Nærings- og Handelsdepartementet, 2008 B). I september 2008 opna ei informasjonsteneste, www.bedriftshjelp.no, som har som mål å gjera det lettare for bedrifter i alle bransjar og utviklingsfasar å orientera seg blant dei offentlege tilboda til næringsdrivande. Denne tenesta er ei utviding av portalsamarbeidet som allereie eksisterte mellom SIVA, Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg. Fram til januar 2009 har dette tilbodet vore i ein prøvofase, men vil

etter kvart verta ein del av Altinn². Informasjonstenesta www.bedriftshjelp.no har for forenkling av søknadsprosessen sortert tilboda i seks ulike hovudområdar der tenestene tilgjengelege for det utvalde hovudområdet visast (Bedriftshjelp).

Det offentleg finansierte innovasjonsapparatet utgjerast av ulike sektorar og forvaltningsnivå i Noreg. Det statlege nivået har sektorane fagdepartement og store tverr -sektorielle nasjonale ”direktorat” som Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd (som vert forklart i avsnitta under). Desse har ansvar for sektorsamordning, som institusjonane har løyst på til dels ulik måte. Innovasjon Noreg har utvikla kontor regionalt, medan Noregs forskingsråd har etablert kontor i nokon fylker og representerast av Innovasjon Noreg andre stadar.

Gjev no ein kort introduksjon til SIVA og forskingsrådet, før eg byrjar på Innovasjon Noreg som er hovudemnet for denne oppgåva. Dei tre institusjonane SIVA, forskingsrådet og Innovasjon Noreg har andre fokus i tillegg til innovasjon, desse andre områda vil eg vil ikkje gå inn på, og fokuserar på dei delane av støtteapparatet som dreiar seg om innovasjon.

3.2.1 SIVA

SIVA SF – selskapet for industrivekst vart etablert i 1968 av det dåverande Kommunal- og arbeidsdepartementet, det er no ein del av det offentlege verkemiddelsapparatet og har sidan 1993 vert organisert som eit statsføretak. Eigarskapet forvaltast av Nærings- og handelsdepartementet. SIVA arbeidar innanfor verksemdsområda eigedom og innovasjon. Formålet med statens eigarskap i SIVA SF er å bidra til innovasjon og næringsutvikling gjennom eigedomsverksemd og utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø, der det er eit særleg ansvar for å bidra til å fremma vekstkraft i distrikta (Nærings- og handelsdepartementet, 2009). SIVA har ein pådrivar rolle gjennom programarbeid, nettverksbygging og medeigarskap i innovasjonsselskap. Innovasjonsverksemda består av 65 tilknytte selskap, eit dotterselskap, eit felleskontrollert selskap samt 24 nærståande selskap. Selskapet skal vera ein aktiv pådrivar og tilretteleggar for innovasjons- og verdiskapingsmiljø over heile landet. Innovasjonsverksemda omfattar kompetanseinnsats, investeringsaktivitet og nettverksbygging.

² Altinn er staten sin felles sentral for innlevering av blant anna elektroniske skjema. Ei internett side for å forenkla dialogen med det offentlege. www.altinn.no

SIVA mottok løyvingar over statsbudsjettet frå Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Desse midlane går først til administrasjon og driv av SIVA, og resten går til innovasjonsaktivitetar. Eigeomsverksemda driv seg sjølve. SIVA gjer ikkje finansiell støtte direkte til enkelt bedrifter, men gjer ulike former for støtte som: kompetanse, rådgjevnad, nettverk, lokalar, eigardel i forskingsparkar, støtte til miljøet, infrastruktur, kurs, opplæring og inkubatorverksemd. SIVA kan komma inn på eit tidleg stadiet og hjelpa til med utvikling.

3.2.2 Forskningsrådet

Forskningsrådet er delt inn i fire divisjonar, Vitskap, Store satsingar, Administrasjon og Innovasjon (Forskningsrådet, 2009 A). Eg vil her ha fokus på innovasjonsdivisjonen.

Divisjonen for innovasjon er ein sentralt strategisk og operativ aktør for å realisera regjeringas plan for innovasjonspolitik. Denne divisjonen har ansvaret for den statlege basisfinansieringa av dei teknisk industrielle og dei primær næringsbaserte forskingsinstitutta. Ein stor del av divisjonens arbeid er å auka tilrettelagt samarbeid i norsk næringsliv gjennom bedriftsretta FoU – samarbeid. Noko av det som er lagt til innovasjonsdivisjonen er tilrettelegging av EUs rammeprogram, EUREKA og bilateral FoU- avtalar for næringslivets deltaking. Divisjonen har ei brei portefølje av satsingar, program og andre verkemidlar. Hovudmålet med aktivitetane innanfor denne divisjonen er å stimulera til utvikling av innovasjonskapasiteten i norsk næringsliv og offentleg sektor, samt å bidra til å omsetja forskingsresultat til kommersiell verksemd. Blant divisjonens program er: *Verkemiddel for regional forskning* (VRI) som skal styrka samarbeidet mellom næringsliv og forskning i regionane. *Brukarstyrt innovasjonsarena* (BIA) som er eit tilbod til bedrifter med høge FoU ambisjonar som har krevjande prosjekt med betydeleg forskingsmessig risiko, og stort potensiale for innovasjon og verdiskaping. *Sentre for forskingsdrevet innovasjon* (SFI), der desse sentra er etablert for å styrka innovasjonsevna i næringslivet gjennom satsing på langsiktig samarbeid mellom bedrifter og forskingsmiljø (Forskningsrådet, 2009 A).

Forskningsrådet er forskingspolitisk rådgjevar, forvaltar av forskingsmidlar og ein møteplass og nettverksbygger, dets visjon er å vera i front for norsk forskning. Noregs forskingsråd skal vera ein nasjonalt utøvande forskingsstrategisk organ. Forskningsrådet skal gje myndigheita råd i forskingspolitiske saker, og skal derfor kunna identifisera behov for forskning og kunne forslå prioriteringar. Det har ansvar for å auka kunnskapsgrunnlaget og bidra til å dekkja

samfunnets behov for forskning ved å fremma grunnleggande og anvendt forskning og innovasjon.

Forskningsrådet finansierer forskning og utvikling. 80% av deira prosjekt innan næringsretta forskning er innovasjonsprosjekt (Forskningsrådet, 2009 B).

3.2.3 Innovasjon Noreg

Innovasjon Noreg er per i dag myndigheitas sentrale organ for utvikling, forvaltning og distribusjon av næringsretta verksemder. 1 januar 2004 vart fire verksemder, Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Noregs Eksportråd, Statens Veiledingskontor for oppfinnarar (SVO) og Noregs Turistråd, slått saman til eit, Innovasjon Noreg. Målet med dette var å sikra ein meir målretta innsats av dei næringsretta verkemidla og ein meir brukarvenleg organisering (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008). Innovasjon Noreg tilbyr tenester og program som skal bidra til å utvikla distrikta, auka innovasjon i næringslivet over heile landet og profilera norsk næringsliv og Noreg som reisemål. Nærings- og handelsdepartementet er hovudeigar av Innovasjon Noreg, men grunna det breie ansvarsområdet har dei mange oppdragsgjevarar. Innovasjon Noreg mottar løyvingar frå 5 ulike departement, 18 fylkesmenn og 19 fylkeskommunar, dette utgjer til saman 42 oppdragsgjevarar som har kvar sine spesifikke målsetjingar i sine løyvingar. Som det står i Lova om Innovasjon Noreg; ”*den aktør som yter lån eller tilskudd til selskapet, kan fastsette nærmere vilkår for bruk av midlene*” (www.regjeringen.no, 2003-2004) .

Hovudmålet for Innovasjon Noreg er å fremma bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet og utløysa ulike distrikts og regionars næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Hovudmålet er spesifisert i fire delmål (www.innovasjonnorge.no, 2008):

- 1) Innovasjon Noreg skal bidra til auka innovasjon i næringslivet i heile landet.
- 2) Innovasjon Noreg skal bidra til å auka internasjonalisering i næringslivet i heile landet.
- 3) Innovasjon Noreg skal styrka profileringa av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt.
- 4) Innovasjon Noreg skal bidra til næringsutvikling basert på regionale føresetnader.

Innovasjon Noreg tilbyr tenester innanfor finansiering, kompetanse, rådgjevnad, nettverk og profilering. Innafor kvar gruppe finnast det fleire tenester, og Innovasjon Noreg tilbyr totalt om lag 50 ulike tenester. I vurderingskriteria vert det vektlagd økonomiske, sosiale og

miljømessige forhold, i tillegg til etikk og samfunnsansvar. Det vert prioritert ni sektorsatsingar; energi og miljø, helse, IKT, Kultur og opplevingsnæringar, Landbruk, Marin, Maritim, Olje og gass, og Reiseliv. Dei prioriterte målgruppene er små og mellomstore bedrifter, etablerarar og gründerar, kvinner og unge. Innovasjon Noreg vil hovudsakleg tilby fire typar finansiering; lån, stipend, tilskot og garantiar. Andre finansieringstenester er skatteFUNN, investeringsfond for Nordvest Russland, og investeringsfond for Aust Europa

3.3 Regjeringas mål og ambisjonar

Frå st. meld. 7 "Eit nyskapande og bærekraftig Noreg" står det at regjeringas mål og ambisjonar er at det Norske samfunnet skal vera eit bærekraftig samfunn. Målet er å styrka innovasjonsevna slik at den bidrar til mest mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi. Regjeringas innovasjonspolitikkk skal tilretteleggast for langsiktig bærekraftig verdiskaping i Noreg. Innovasjonspolitikken i Noreg må ta omsyn til at ulike delar av landet har ulike fortrinn - og at innovasjons til dels føregår på ulike måtar avhengig av kva ressursgrunnlag, kompetanse og næringsliv som held til på staden. Erfaringsmessig har store og næringsmessige differensierte regionar større innovasjonsevne og er mindre sårbare ved omstilling. Men me finn også i mindre regionar sterke nærings og kompetansmiljø. Gjennom spesialisering har regionane utvikla ein kompetanse og eit næringsmiljø som gjer dei interessante som base for nasjonal og internasjonal konkurransedyktige bedrifter.

Regional verdiskaping kan styrkast både gjennom nasjonale vekemidlar og gjennom regionalt differensierte verkemidlar. Regjeringa vil leggja til rette for betre utnytting av dei naturgitte og menneskelege mogelegheita som finnast i landets ulike regionar (Wendt, 2007)

Påverknaden av statens handlingar angående innovasjonsaktivitet og utvikling kan også avhenga av dei sosiale verdiane i samfunnet, som til dømes toleranse, ærligskap, tillit og samfunnsengasjement.

3.3.1 Regional innovasjon

Næringslivet går stadig gjennom endringar som krev utvikling av nye strategiar i regionalpolitikken og tiltaksarbeidet om ein skal lukkast i å oppretthalda eksisterande arbeidsplassar, og å skape nye. Kunnskap og læring er viktig i regionalpolitikken sidan desse fenomenar delvis er bunde til bestemte stader. Mykje kunnskap er uformell, den er knytt til

personar, til læring på arbeidsplassar og lokalsamfunn. Når læring og innovasjonar delvis er lokale prosesser vert det å stimulera til lokal læring og innovasjonar ein viktig strategi i regionalpolitikken. Ein slik strategi skal utnytte og utvikla lokal kompetanse og lokale menneskelege ressursar for å skapa næringsutvikling (Isaksen, 1996, s. 2).

I mange delar av næringslivet er innovasjonar heilt naudsynt for at bedrifter skal oppretthalda sin konkurransevne. Norske bedrifter kan sjeldan konkurrera kun på pris. Innovasjon, vidareutvikling av produkt og betring av produksjon er difor viktige faktorar for konkurransestyrken til bedrifter, og dermed for å vera konkurransedyktige overfor konkurrentane. Som nemnt overfor er innovasjon meir enn berre utvikling av nye høgteknologiske bedrifter med personell med høg utdanning. Når ein snakkar om lokal utvikling og regionalpolitikk er det viktig at ny teknologi og nye måtar å gjera ting på vert tatt i bruk i dei sektorar der eit område historisk sett har tradisjonar og konkurransefordelar (Isaksen, 1996, s. 3). Altså, å vidareutvikla det eksisterande næringslivet gjennom teknologisk og kompetansemessige oppgraderingar.

Regionale innovasjonssystem omfattar dei bedriftene og institusjonane i ein region som bestemmer bedriftenes evne til å innovera i den same regionen, til dømes i kva grad bedrifta er i stand til å utvikla nye eller endra eksisterande produkt (Isaksen, 1996). Dermed vil den langsiktige næringsutviklinga i ein region avheng av kor godt regionens innovasjonssystem viser seg å vera.

Regional innovasjonspolitik

Enkelt sagt går regional innovasjonspolitik ut på å bidra til auka innovativ kapasitet og innovativ aktivitet i bedrifter. Auka innovativ aktivitet er ikkje aleine eit mål i seg sjølv, men eit avgjerande bidrag til at bedrifter kan oppnå konkurransestyrke på lang sikt. Behovet for ein regional innovasjonspolitik kan trekkjast fram frå fire poeng (Isaksen, 1996).

- 1) Innovasjon er heilt sentralt for at bedrifter skal kunna oppretthalda sin konkurransestyrke på lang sikt.
- 2) Bedrifter innoverer oftast i samarbeid med andre bedrifter og institusjonar. Samarbeid mellom desse er dermed viktig.
- 3) Det er særleg for tradisjonelle små og mellomstore bedrifter viktig at det finnast eit regionalt innovativt miljø, altså andre lokale bedrifter, skular eller FoU institusjonar å samarbeida med.

4) Bedrifter og næringsmiljø har gjerne behov for å få inn impulsar og kompetanse utanfrå sin eigen region, slik at dei ikkje held fast ved gammal teknologi og løysingar.

Nokon typar bedrifter, dei tradisjonelle små og mellomstore bedriftene (SMB) har mest nytta av dei tenestene som leverast gjennom regionale innovasjonssystem. Dei har ofte for liten kompetanse, økonomi og tid til å driva eigen forskning og utvikling. Dei bedriftene som er mest innovative, og som regel er med i nasjonale eller internasjonale innovasjonssystem vert teken vekk frå den primære målgruppa. Det førar til at det er viktig å trekkja eit skilje mellom regional og nasjonal innovasjonspolitik, sjølv om der framleis må vera eit samspel mellom dei.

Den nasjonale innovasjonspolitikken vil hovudsakleg bidra til utvikling av ny teknologi i dei mest innovative bedriftene, og regionalpolitikken vil retta seg meir mot å overføra gode løysingar til tradisjonelle små og mellomstore bedrifter.

Ein annan grunn til at der er behov for regionalpolitikk er at regionar har ulike næringsliv, med ulike moglegheiter for å skapa innovative næringsmiljø. Dermed finnast der ikkje berre ein type regional innovasjons politikk, men må tilpassast etter det lokale næringslivet (Isaksen, 1996, s. 9).

Distriktspolitik

Når ein skal utforma distriktspolitik og tiltak som kan bidra til å skapa konkurransedyktige bedrifter vil der vera relevant å vurdere om ein evner å målretta tiltak mot bedrifter som har vekstambisjonar og som satsar på innovasjon og entreprenøriell åtferd som strategisk verkemiddel. I prinsippet kan offentlege støtteordningar verka på to måtar i forhold til små og mellom store bedrifter, 1) dei kan vera retta mot entreprenørielle og vekstorienterte bedrifter som målgruppe, 2) verkemidla kan ha som målsetjing å bidra til å setta i gang prosesser som igjen skal initiere innovasjonsaktivitet og vekstambisjonar i bedrifta som elles ikkje er sterkt strategisk posisjonert (Gry Agnete Alsos, 2000).

Ei svært viktig problemstilling som støtteapparatet må handtera er i kva grad ein klarar å treffe med dei verkemidla ein rår over, slik at ein får størst mogleg effekt av støtta. Det å gje støtte til dei riktige bedriftene er sentralt her, dvs dei bedriftene som i størst mogleg grad kan bidra til auka sysselsetjing, auka lønnsemd eller størst mogleg ringverknad og eksterne effektar for samfunnet. Utfordringa for ein distriktsretta støtteordning vil vera om ein treff

bedrifter som har vekstambisjonar og har evne til å imitera og gjennomføra entreprenørielle prosjekt. Om ein først finn slike bedrifter, vil generell støtte til kompetanseutvikling vera med å bidra til å påverke bedrifters tilpassing i forhold til endringar i omgjevnadane, og til å skape nye kreative mønstre i spekteret av produkt og marknadskonsept. Ein utfordring vil vera om den finansielle støtta ein gjev til kompetanseheving og bedriftsutvikling, når fram til dei mest kritiske ressursområda i bedriftene som i sterkast grad bidrar til mønsterbrot og nyskaping. (Gry Agnete Alsos, 2000)

4 Innovasjon Noreg

I dette kapittelet vil eg sjå på Innovasjon Noregs budsjett, og i kva grad innovasjon aktivitet er prioritert frå Innovasjon Noregs samla budsjett. Dette er etterfølgt av eit kapittel om korleis tildelingane frå Innovasjon Noreg fordelar seg over dei prioriterte gruppene.

4.1 Innovasjon Noregs budsjett

I2007 hadde Innovasjon Noreg eit samla budsjett på 4,7 milliardar kroner, mesteparten av denne summen kom frå Nærings- og handelsdepartementet (NHD), Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD).

Utanriksdepartementet (UD) og Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) ga noko mindre beløp, jf tabell 1.

Tabell 1: Oversikt over løyver til Innovasjon Noreg 2007, målt i millionar kroner.

Departement	Sum løyver	Lågrisiko lån	Risikolån, tilskot og program	Ander verkemidlar
NHD	2 050	1 500	550	-
KRD	1 316	-	912	404
LMD	1 191	-	506	685
UD	86	-	86	-
FKD	7	-	-	7
Andre	25	-	-	25
Sum	4 675	1 500	2 054	1 121

Kjelde: (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008, s. 13)

Med desse løyvingane får Innovasjon Noreg kvart år oppdragsbrev frå sine 42 oppdragsgjevarar. Betydelege delar av midlane frå KRD går gjennom fylkeskommunane, og Bygdeutviklingsmidlane som løyvast frå LMD forvaltast gjennom fylkesmenna. NHD er det departementet som løyver mest mildar, om lag 2 – 2,5 milliardar kroner i året. Det er prioriteringar på korleis Innovasjon Noreg skal fordela midlane, og der er også andre prioriteringar enn innovasjon. Dei 5 departementa har alle ulike innovasjonspolitiske mål, og dermed ulike oppdragsbrev til Innovasjon Noreg. I oppdragsbrevet frå LMD er hovudfokus på å sikra ein variert bruksstruktur og å oppretthalda eit levande landbruk over heile landet. Frå NHD er der stort fokus på næringspolitikken, der hovudprioritetar er aktuelle næringsområdar, som marine og maritime næringar, reiselivsnæringar, energi og miljø. NHD

ynskjer vidare generell auka verdiskaping i heile Noreg. I oppdragsbrevet frå KRD tas det utgangspunkt i distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar. Frå FKD er det den overordna fiskeripolitikken som er knytt til løyvingane. Også UD har eit oppdragsbrev med avgrensande tiltak.

NIFU STEP sin gjennomgang av Innovasjon Noreg oppsummerar med at Innovasjon Noreg arbeidar innafor ein relativt komplisert struktur av mål og forventingar, dei har mange oppdragsbrev som har sine egne mål og prioriteringar, der innovasjon ikkje er det sentrale målet for oppdraga, men næringsutvikling og regional utvikling. Selskapet har i tillegg ein ganske relativt samansatt tenesteportefølje med ei stor mengde program og tenester. På oppdrag frå Nærings – og handelsdepartementet har Econ Pöyry i saman med Agenda Utredning & Utvikling AS, og Damvad gjort ein evaluering av Innovasjon Noreg (Pöyry, 2010). Denne evalueringa konkluderar med at Innovasjon Noreg arbeidar effektivt med å formidla finansielle verkemidlar, etter bestilling frå ei rekke oppdragsgjevarar. Men der er framleis behov for betring av samhandling mellom hovudkontor, utekontor og distriktskontor. Dei trekjer også konklusjonen at utan Innovasjon Noregs verkemidlar er det rimeleg å anta at norsk verdiskaping ville vore lågare. Når det gjeld samfunnsøkonomisk kostnad og samfunnsøkonomisk gevinst ved innovasjon er dette som tidlegare nemnt vanskeleg å måla. Og heller ikkje i denne evalueringa har dei målt den samfunnsøkonomiske gevinsten. Samfunnsøkonomisk kostnad i 2008 var på om lag 1,5 mrd kr. Nyttan er auka verdiskaping i bedriftene, samarbeidsgevinstar mellom bedrifter, utvikling av felles godar, og visshet om at det eksisterar moglegheiter for støtte til gode idear (Pöyry, 2010). Midlar til innovasjonsaktivitet

Opplysningane i dette avsnittet baserar seg på tall frå 2007 (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008, s. 29). Innovasjon fordelte i 2007, 4,7 milliardar kroner til ulike formål. Frå NHD fekk Innovasjon Noreg 2,1 milliardar, frå KRD 1,3 milliardar, frå LMD 1,2 milliardar kroner og mindre beløp kom frå FKD og DU, jf tabell 1.

Verkemidla til Innovasjon Noreg er lån og tilskot, der lån skal tilbakebetalast, verkemidla er forklart tidlegare under avsnitt 1.3.

Som nemnt over i avsnitt 3.2 kan ordet innovasjon verta tolka på ulike måtar. Når det kjem til definisjonen av innovasjon, har NIFU STEP i sin gjennomgang (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008) definerte det som synonymt med nyskaping. Dei inkluderar ikkje bedrifter

som tek i bruk ny teknologi eller byrja produsera nye produkt som innovasjon, når det allereie er noko som andre bedrifter allereie gjer. Dei har nytta ein streng avgrensing ved innovasjonsomgrepet. Formålet med dette var å undersøka i kva grad Innovasjon Noreg bidrar med auka innovasjonsaktivitet. For forenkling grupperte dei femten formål i seks ulike kategoriar, jf tabell 2.

Tabell 2: Kategorisering av formål for innovasjon Noregs verkemidlar

Kategoriar	
1) Kapasitet, struktur og Kapital	7) Kapasitetsutviding 8) Rasjonalisering 9) Strukturtilpassing 11) Kapital styrking 12) Miljø forbedring
2) Kompetanse	10) Kompetanse
3) Næringsmiljø	13) Utvikling av næringsmiljø og nettverk
4) Utredingar og anna	14) Utreding 15) Anna
5) Teknologispreiing og utvikling	18) Innovasjon på bransjenivå 19) Innovasjon på fylkesnivå 20) Innovasjon på bedriftsnivå 21) Idéutvikling
6) Innovasjon	16) Innovasjon på internasjonalt nivå 17) Innovasjon på nasjonalt nivå

Kjelde: (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008)

Med denne inndelinga, fant dei at det i praksis er det viktigaste formålet til Innovasjon Noreg verkemidlar til å bidra til kapasitets- og strukturutvikling, jf tabell 3 og tabell 4. Me ser frå tabell 3 at 35% av alle midlane i 2007 gjekk til dette formålet, og var spesielt høgt for lågrisikolån. Til saman går 25% til gruppa om teknologispreiing og utvikling, og 18% går til innovasjon. Om ein nyttar dei breiare definisjonen på innovasjon (jf avsnitt 3.2) vil gruppe 5, teknologispreiing og utvikling vera ein del av innovasjon. Og på denne måten aukar den samla prosenten frå 18% til 43%.

Tabell 3: Oversikt over fordelinga av dei ulike verkemidla i Innovasjon Noreg på formål.

	Låg risikolån		Risikolån		Andre verks.		Sum	
	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
1) Kapasitet, struktur og Kapital	869	58	383	19	402	36	1 654	35
2) Kompetanse	-	0	154	7	73	7	227	5
3) Næringsmiljø	-	0	209	10	42	4	251	5
4) Utreidingar og anna	172	11	120	6	248	22	540	12
5) Teknologispreiing og utvikling	334	22	526	26	316	28	1 176	25
6) Innovasjon	125	8	662	32	39	3	826	18
Sum	1 500	100	2 054	100	1 120	100	4 674	100

Kjelde: (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008)

Delen av midlar som går til innovasjon er i same storleiksorden for NHD, KRD og FKD, om lag 22-26% men er svært låg for LMD med 3%, jf tabell 4. Me ser frå denne tabellen at NHD, LMD og FKD alle prioriterar gruppe 1, kapasitet, struktur og kapital, som er den gruppa som får høgast prosent frå alle desse departementa med forholdsvis 44%, 48% og 42%. KRD tildeler høgast til gruppe 5, teknologispreiing og utvikling.

Om ein no tek i bruk den breiare definisjonen på innovasjon, og inkluderar gruppe 5 i innovasjon vil prosentandelen til innovasjon frå departementa endra seg. NHD tildelar 41%, KRD tildelar 48%, LMD tildelar 40% og FKD tildelar 31%. Me ser no at LMD som tidlegare tildelte 3%, tildeler 37%. Likevel, om ein nyttar den breie definisjonen så ser ein frå tabellane at departementa tildelar meir til dei andre gruppene, då særleg gruppe 1, kapasitet, struktur og kapital.

Tabell 4: Oversikt over korleis tildelingane frå departementa til Innovasjon Noreg fordelast på ulike formål

	NHD		KRD		LMD		FKD	
	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
1) Kapasitet, struktur og Kapital	906	44	140	11	573	48	36	42
2) Kompetanse	38	2	139	11	38	3	5	6
3) Næringsmiljø	60	3	133	10	39	3	17	20
4) Utreidingar og anna	189	9	279	21	63	5	1	1
5) Teknologispriing og utvikling	377	18	337	26	444	37	4	5
6) Innovasjon	481	23	288	22	33	3	22	26
Sum	2051	99	1316	101	1190	99	85	100

Kjelde: (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008)

Me ser frå tabellane over at under 50% av tildelingane frå departementa er meint til å nyttast på innovasjonsprosjekt. Den mest prioriterte gruppa frå departementa er; kapasitet, struktur og kapital. Då Innovasjon Noreg følgjer retningslinjer satt av oppdragsgjevarane ser me også at Innovasjon Noreg prioriterer denne gruppa. Dette visar at innovasjon ikkje er Innovasjon Noregs største prioritering, noko som gjer at namnet Innovasjon Noreg kan verka misvisande.

Den foreløpige konklusjonen NIFU STEP kom med i denne gjennomgangen var at ressursane som forvaltast gjennom Innovasjon Noreg går til å styrka og vedlikehalda det allereie eksisterande næringslivet. I evalueringa i 2010 (Pöyry, 2010) konkluderte dei med at midlar med hovudformålet innovasjon har auka, men endringa er liten.

5 Dei prioriterte målgruppene

Innovasjon Noreg har som tidlegare nemnt prioriterte målgrupper som kvinner, unge, regionar, og små og mellomstore bedrifter. I dette kapittelet vil eg sjå på tildelingane frå Innovasjon Noreg til dei prioriterte gruppene, og sjå om det er mogleg å finna ein klar positiv korrelasjon mellom tildelingar og innovasjonsaktivitet.

5.1 Kvinner og unge

Innovasjon Noreg har kvinner og unge som prioriterte målgrupper. Dei har eit prosjekt som er kalla "Kvinner i fokus". Målsetjinga ved å prioritera kvinner er å styrka kvinners posisjon og deltaking i næringslivet. Den overordna målsetjinga med "kvinner i fokus" er å bidra til auka verdiskaping gjennom å styrka kvinners posisjon i næringslivet. Det er også eit mål å synleggjera kvinner som forbilde for andre kvinner, og å byggja nettverk som kan bidra til å styrka kvinners posisjon i næringslivet. Kvinner i fokus inneheldt ulike tenester som tilbyr kompetanse, nettverk og synleggjering til kvinnelege etablerarar, leiarar og styrekandidatar. Kvinner i fokus består av fem tenester (Riksrevisjonen, 2008):

1. Leiarmentor: Målsetjinga er å få fleire kvinner inn i høgare leiarposisjonar og styrer ved å støtta dei i deira karriereutvikling. Målgruppa her er kvinnelege leiarar med ambisjonar om karriereutvikling.
2. Fyrtårn: Målsetjinga her er å få fram kvinnelege etablerarar, bidra til leiarutvikling, vidareutvikling av deltakarbedrifter, synleggjera kvinner, bygge nettverk, og motivera andre kvinner til å starte og utvikle egne verksemder.
3. Styrekandidatar: Målsetjinga er å bidra til auka verdiskaping gjennom å styrka profesjonaliteten i styreromma, og legge til rette for innovasjon og nyskaping i næringslivet, basert på kompetanse, nettverk og mangfald. Målgruppa er personar som har behov for kompetansestyrking for å gjera ein god jobb i eit styre.
4. Akademikarbedrift: Målsetjinga her er å bidra til at fleire humanistar og samfunnsvitarar startar egne verksemder.

5. GRO-programmet: Målsetjinga er å få fleire bedrifter som enten er eigd eller leia av kvinner ti å vakse. Målgruppa er bedrifter som har passert etableringsfasen og som har eit identifisert vekstpotensiale.

Innovasjon Noreg har som nemnt også unge som prioriterte målgrupper, der dei har ein satsing på unge under 35 år. Denne satsinga skal gjera det lettare for unge å etablera seg ved å gje dei tilgang på kompetanse, nettverk og kapital. ”Unge i fokus” er eit program frå Innovasjon Noreg som rettar seg mot entreprenørar i alderen 18 – 35 år (Innovasjon Noreg, 2005). I samarbeid med andre aktørar som Alkymisten, Bygdebygger, Hurtigkasse, Etablerergrupper og Idégnisten, har Innovasjon Noreg utvikla eit skreddarsydd tiltak for unge.

Rambøll Management lagde ein rapport om kompetansebehovet til unge etablerarar, og konklusjonen i denne rapporten var at forventningane til støttemotakarane ikkje vart møtt, og at ei heller ikkje fekk tilstrekkeleg støtte i form av rådgjevnad og kompetanse. Sumaren 2007 gjekk dåverande kommunalminister, Åslaug Haga, hardt ut mot Innovasjon Noregs tilbod til unge gründerar. Ved ein seinare anledning vart også gründerstøtta eit tema, og dåverande næringspolitisk talskvinne i AP gjorde det påkravd å granska støtteordningane til Innovasjon Noreg for å sjå om midlane nyttast på riktig måte (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008).

5.1.1 Kva er kvinneretta?

I Innovasjon Noreg vil saksbehandlarane registrera om prosjekta er kvinneretta i ei interne saksbehandling (MRS systemet). Registreringa følgjar Innovasjon Noregs definisjon på kjenneteiknet ”kvinneretta”. Eit prosjekt vert registrert som ”kvinneretta” dersom ein eller fleire av følgjande kriteria vert overhaldd. 1) Kvinner som startar eigen verksemd. 2) Prosjektet er retta mot å auka kompetansen til kvinner tilsette i føretaket. 3) Kvinner utgjer meir enn 30 prosent av styremedlemma eller leiinga i ei bedrift. 4) Prosjektet bidrar til å auka kvinnelege eigarar, styremedlem, leiarar eller er spesielt retta mot å auka tilsetjinga av kvinner.

Men det å registrere som kvinneretta er opp til kvar og ein saksbehandlar. Ein case frå riksrevisjonen viste tydelege skilnadar på registrering av prosjekt. Dei gav ein spørjeundersøking til 193 kundeansvarlege om eit prosjekt skulle registrerast som kvinneretta eller ikkje. Oppgåva omhandla eit ektepar, der ektemannen skal overta familiegarden. Han søkjer tilskot i forbinding med ombygging av sauefjøsset. Ombygginga gjer at gardsbrukaren

kan utvida drifta med fleire dyr. Ektefellen eit garden saman med mannen, og har ein 80 prosent stilling på ein skule. Hun deltek ikkje i drifta av garden. 22 prosent registrerte dette prosjektet som kvinneretta, 78 prosent gjorde ikkje (Jan Fagerberg M. S., 2009, s. 81). Forklaringa på kvifor dei registrerte dette som kvinneretta er fordi paret er gift og eiger garden saman, og kan dermed registrera dette som kvinneretta sjølv om kvinna ikkje deltek i gardsdrifta. Nokon meiner at eigarskapet er tilstrekkeleg til at prosjektet kan definerast kvinneretta.


Av dei som ikkje registrerte prosjektet som kvinneretta, fekk ta ei ny vurdering med ein ny situasjon. Kvinna skal no ta del i drifta i framtida. Ho skal framleis ha sin stilling ved skulen men skal ta hand om dyr som følgje av utvidinga. I dette tilfellet registrerte 55 prosent av dei kundeansvarlege prosjektet som kvinneretta. Dei visar her til at kvinne aktivt deltek i prosjektet, og det kan seiast at prosjektet førar til auka sysselsetjing av kvinna på garden. 45 prosent meiner framleis at ingen av prosjekta tilfredstillar krava for å kunne registrerast som kvinneretta. Deltakinga til kvinne på garden er for låg til å kunna registrera at prosjektet er spesielt retta mot å auka tilsetjinga av kvinner.

Resultatet av dette prosjektet indikerar at sannsynleg heita for om eit prosjekt vert registrert som kvinneretta avheng av saksbehandlar. Like prosjekt, med likt potensial, likt eigarskap, kan få ulik behandling avhengig av saksbehandlar og dermed ulikt resultat når det gjeld tildeling av støtte. Dette indikerar også at statistikken om kvinners deltaking i innovasjonsprosjekt gjennom Innovasjon Noreg kan vera misvisande.

5.1.2 Tildelingar og innovasjonsaktivitet

I perioden 2005 – 2007 var mellom 26 til 30 prosent av prosjekta som fekk tildelt midlar, registrert som kvinneretta i Innovasjon Noreg. Uavhengig av kva verkemiddel dette var, er det midlar som går til kvinner som enten startar eigen verksemd eller utgjer meir enn 30 prosent av styret eller leiinga i bedrifta. Det kan også vera prosjekt som auka kompetansen til kvinner, eller aukar talet sysselsetje kvinner. Antal prosjekt retta mot unge er lågare, omlag 15 prosent av totale tildelingar i denne perioden, jf diagram 1.

Diagram 1: Prosent tildelingar registrert retta mot kvinner og unge, 2005 -2007



Kjelde (Riksrevisjonen, 2008, s. 79)

Av dei samla løyvingane i 2007 på om lag 4,7 milliardar kroner gjekk 21 prosent til kvinnerretta prosjekt, og 13 prosent til unge i alderen 18 – 35 år.

Der finnast eit måltal at minst 40 prosent av etablerarstipend skal gå til kvinner. Slike måltal er ikkje satt for unge, men det skal tas særleg omsyn til dei. I 2006 var totalt antal etableringsstipend til kvinner 44 prosent, og i 2007 var det 45 prosent, dette er ein tydeleg auke i frå 2005, då andelen var om lag 35 prosent. Der er store skilnadar mellom fylka når det gjeld tildeling av etableringsstipend til kvinner. Lågast er Buskerud med 22 prosent, medan i Nord-Trøndelag er der 70 prosent. Det har ikkje vore den same type auke for unge i denne perioden. Andelen antal etableringsstipend til unge ligg relativt stabilt omkring 30 prosent.

I Noreg er der som nemnt tidlegare i oppgåva satt klare politiske ambisjonar om å auka kvinneandelen av entreprenørar til 40%. I ein rapport frå Høgskulen i Bodø, *Entreprenørskap i Noreg 2009* (Erlend Bullvåg, 2010) fant dei ut at kvinner er involvert i ein eller anna rolle i 34,7% av etableringsforsøka. Det siste års negative trend aukar behovet for meir kunnskap om kvifor usikre konjunkturar ser ut til å røre kvinners preferansar for entreprenørskap meir enn menn. Prosentandelen kvinnelege entreprenørar var i 2009 på 26,8%. Fram til 2007 var kvinneandelen i Noreg inne i ein positiv trend, men i 2008 og 2009 får andelen marginalt ned. Fortsett satsing på auka entreprenøriell orientering blant kvinner bør prioriterast.

Utviklinga har vert lik for menn og kvinner i åra fram til 2008. Frå 2008 til 2009 har andel menn som ser moglegheit auka frå 41% til 54%, medan tilsvarande andel for kvinner har steget noko mindre frå 37% til 42%. Denne utviklinga gjer ein høgare differanse mellom

kjønna i 2009. Gjennom undersøkinga fant dei ut at ekspertane er ganske nøgd med rammevilkåra for kvinners entreprenørskap samt fysisk infrastruktur. Dei meiner også at forholda for kvinnelege entreprenørar har bedra seg i Noreg dei siste åra (Erlend Bullvåg, 2010). *”På tross av myndigheitene har betra forholda for kvinnelege entreprenørar med blant anna lønna svangerskapspermisjon, og auka fokus på kvinnelege entreprenørar med å laga ein eigen handlingsplan for kvinnelege entreprenørar har ikkje kvinneandelen entreprenørar endra seg stort dei siste tre åra”* (Erlend Bullvåg, 2010, s. 47).

Det er ynskjeleg å kunne samanlikna ressursane Innovasjon Noreg brukar på kvinneretta prosjekt med innovasjonsaktiviteten og den økonomiske gevinsten som resulterer frå denne ressursbruken. Tall om dette tema er ikkje enkelt å finna, heller ikkje Innovasjon Noreg har slike tall tilgjengelege.

Elisabet Ljunggren har skrevet doktorgradsavhandling om entreprenørskap og kjønn, og ifølgje ho finnast det lite informasjon om tall og anna kunnskap knytta til kvinner og innovasjon i Noreg (Stephansen 2007). Med dagens tilgjengelege informasjon er det vanskeleg å finna klare indikasjonar på om støtta til kvinneretta prosjekt er effektivt eller ikkje. Der har ikkje vore tilgjengeleg informasjon om korleis Innovasjon Noreg prioriterar blant søkarane, då med tanke på kva type prosjekt (innafor kvinner) som vert vald framfor andre, kor mange søknadar om som vert avslått, eller om kvinneprioriteten går ut over andre potensielt gunstige prosjekt.

5.2 Små og mellomstore bedrifter

Små og mellomstore bedrifter opplever stadig sterkare krav til omstilling og nyskappingsarbeid, både for å utnytta vekstmoglegheiter og å kunne stå i mot skjerpa konkurranse. Bedrifter som tidlegare har halde seg i lokalt avgrensa marknader opplever no konkurranse frå nasjonale og internasjonale aktørar etter kvart som marknadsbarrierane byggast ned. Teknologiutviklinga går stadig raskare i alle bransjar og endrar konkurranseparameterane nærmast kontinuerlig. Leiinga i denne typar bedrifter har utfordring med å stimulera til løypande innovasjon og god timing knytta til å lansera nye idear i marknaden, samtidig som ein sikrar best mogleg utbytte av etablert produksjon (Gry Agnete Alsos, 2000).

5.2.1 Tildelingar og innovasjonsaktivitet

Som nemnt tidlegare i oppgåva har Innovasjon Noreg entreprenørar, unge bedrifter, og små og mellomstore bedrifter som primære målgrupper. I perioden 2005 til 2007 var andelen av totalt innvigsla beløp til dei prioriterte gruppene relativt stabile. I 2007 gjekk 25 prosent av total innvigsla beløp til små og mellomstore bedrifter med vekstambisjonar og potensial, noko som er om lag 1 milliard kroner. 7 prosent av dei totale løyvingane gjekk til unge bedrifter, om lag 305 millionar kroner. 12 prosent, om lag 506 millionar kroner, gjekk til etablerarar. Knoppskytingar er nyetableringar av bedrifter med utgangspunkt i eksisterande bedrift, og i 2007 vart det gitt 40,4 millionar kroner til slike nyetableringar, om lag 1 prosent av totalt innvigsla beløp.

Fordelinga av midlar etter storleiken på bedriftene er satt opp i tabell 5.

Tabell 5: Andel tildelingar og andel innvigsla beløp i 2007 frå Innovasjon Noreg, fordelt på bedriftsstorleik, i prosent.

Antal tilsette	Fordeling av bedrifter på landsbasis (SSB)	Andel av antal tildelingar	Andel av totalt innvigsla beløp
0	62	30	24
1 til 4	20	48	43
5 til 9	8	7	10
10 til 19	5	5	7
20 til 49	3	5	7
50 til 99	1	2	4
100 +	1	3	5
totalt	100	100	100

Kjelde: (Riksrevisjonen, 2008, s. 82)

Tabellen visar at den største andelen av midlane går til bedrifter med 1 – 4 tilsette. Nær halvparten av pengane frå Innovasjon Noreg går til desse bedriftene, som utgjør 20 prosent av bedriftene i Noreg (målt etter antal tilsette). Sjølv om kategorien 0 tilsetje utgjør 62 prosent av bedriftene i Noreg, inkluderar dette mange ”sovande” bedrifter. Der er i Noreg svært få bedrifter som har over 100 tilsette (knappt 1 prosent), og desse bedriftene får 5 prosent av tildelt beløp. Innovasjon Noreg er ikkje inne i alle næringar, dette kan påverka korleis tildelingane fordelar seg i forhold til talla frå Statistisk sentralbyrå.

Tall frå innovasjonsundersøkinga 2008 (Statistisk Sentralbyrå, 2010 A) visar at kvart fjerde norske føretak har introdusert produkt eller prosessinnovasjonar. Resultata pregasta av at graden av nyskaping varierar mellom ulike næringar og storleiksgrupper. 27 prosent av føretaka dekkja av undersøkinga introduserte nye eller vesentleg forbetra produkt eller produksjonsprosessar i løpet av 2006-2008. 21 prosent av føretaka introduserte produktinnovasjon medan 18 prosent introduserte prosessinnovasjonar, 11 prosent var innovative på begge områda. Undersøkinga visar også at det er dei store føretaka som er mest innovative, med 73 prosent av dei største industriføretaka er innovative samanlikna med 25 prosent av dei minste.

Det er først frå føretak med 50 sysselsette og oppover at det er ein klar trend på at andelen innovatørar aukar med føretaksstorleiken. Likevel er det frå 50 sysselsetje og oppover som mottek minst tildelingar frå Innovasjon Noreg. Dette kan synast støtte opp tidligare indikasjon om at Innovasjon Noreg ikkje har innovasjonsaktivitet som første prioritet. Det kan indikera at Innovasjon Noregs tildeling til bedrifter ikkje byggjar seg på utført (eller potensiell) innovasjonsaktivitet, men går til vedlikehald og til å støtte opp eksisterande næringsliv. Ein mogleg anna årsak til at tildelingane ikkje er størst til bedrifter med størst innovasjonsaktivitet er grunna at små og mellomstore bedrifter er prioriterte målgrupper.

5.2.2 Entreprenørskap

Entreprenørskap definerast som omfattande nyskappingsprosess i etablerte føretak, og etablering av nye bedrifter. Entreprenørskap kan seiast å vera vegen vidare der innovasjonane settast inni eit kommersielt konsept og å realiserast (Gry Agnete Alsos, 2000).

Entreprenørskap er nært kopla til innovasjon. Klassiske modeller som Shumpeter (tidlegar omtalt i kapittel 2.2.3) argumenterar for at innovasjon er det viktigaste verktøy for å skapa rørsle i marknader, og auka effektiviteten i økonomien. Sett i eit vekstperspektiv er entreprenørskap som flytter teknologiske eller marknadsmessige grense like viktige som dei som kopierar innovatørane nye løysingar og dermed syt for å spreie nye effektive løysingar i ein sektor. I praksis står entreprenøren overfor eit viktig val som påverkar leveevna til bedrifta. Om der lanserast for lite innovative løysingar vil eksisterande bedrifter ofte ha eit fortrinn, og om der lanserast radikalt nye løysingar kan det ta for lang tid å opparbeida interesse rundt produktet hos kundane, og bedrifta døyr av den grunn (Erlend Bullvåg, 2010).

Entreprenørskap står for 20 – 40% av økonomisk vekst i vår del av verden, og heile 80% av entreprenørar er menn. Særleg gifte menn med barn vert tiltrukket av entreprenørskap, denne effekten er heilt motsatt for kvinner. Det er heller ikkje dei med høgast utdanning som oftast vert entreprenørar, tvert i mot så senk raten med utdanningsnivå. Norske entreprenørar som overlever i marknaden skapar verdier, og tener meir som entreprenørar enn som arbeidstakarar, og er ofte verksame til dei er ute i 70 åra (Kollerud, 2009).

Sjølv om eit individ er positiv til å starta ei bedrift er det på ingen måte sikkert at han eller ho vert involvert i entreprenøriell aktivitet. Der er mange faktorar å ta omsyn til når ein skal vurderer å gå inn for entreprenørskap, til dømes om forventna avkastning er høgare enn ved eit alternativt arbeid. I eit land med sterk beskyttelse av tilsette antas dette å auka terskelen for å bli entreprenør. Ein har på den måten eit risikoelement ved å involvera seg i entreprenørskap som krevjar at avkastninga må vera tilstrekkeleg høgare enn det ein får ved alternativt arbeid.

Resultat frå rapporten frå Høgskulen i Bodø, Entreprenørskap i Noreg 2009 (Erlend Bullvåg, 2010) visar at i Noreg oppfattar 30,8% av dei nye bedriftene at dei både har eit nytt produkt/teneste, og at det oppfattast som nytt for marknaden. I Noreg vel då 69,2% av entreprenørane å etablere bedrifter der innovasjonsgraden er låg (Erlend Bullvåg, 2010, s. 21). I Noreg er det 17% av dei nye verksemda som har ambisjonar om at meir enn 25% av kundane skal komma frå utlandet. Eksportorienteringa i Noreg er forholdsvis låg samanlika med andre land i EU.

I rapporten frå Høgskulen i Bodø (Erlend Bullvåg, 2010) kjem det fram at mange ekspertar peikar på mangel på kapital, mangel på kunnskapsstøtte frå verkemiddelsapparatet og peikar på eit komplekst og uoversiktleg regelverk. Ekspertane kjem med eit råd om at det offentlege skal ta meir aktivt grep for å løfta fram entreprenøren. Dei ynskjar at verkemiddelsapparatet skal endra fokus frå å vera saksbehandlar til å vera meir proaktiv i sin tilnærming til entreprenøren. Dei meiner der er eit stort uutnytta potensial i å vidare jobba med å forenkla og samordna ulike offentlege register og i å lausna på ein del reguleringar (Erlend Bullvåg, 2010, s. 34).

5.3 Regional utvikling

Som ein del av regionalpolitikken løyver KRD årlege beløp til fylkeskommunane, som dreiar seg om regional utvikling. Ein stor del av desse midlane kanalisert vidare til Innovasjon

Noreg gjennom distriktskontor. Og forvaltninga av desse midlane styrast gjennom generelle retningslinjer frå KRD. Årsaka til desse retningslinjene er å sikra at midlane forvaltast slik at dei bidrar til å realisera mål for regional utvikling. Forvaltninga skal vera tilpassa regionale førutsjånader, og her leggst også vekt på at omsynet til kvinner og unge vert ivaretatt i utviklingsarbeidet. Fylkeskommunane nyttar Innovasjon Noreg som operatør for desse midlane, men det er fylkeskommunen som har det strategiske ansvaret for forvaltninga av midlane (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008, s. 15).

Storleiken på overføringane til dei enkelte fylkeskommunane varierar mykje, og dermed varierar også storleiken på det som overførast vidare til dei respektive distriktskontora til Innovasjon Noreg. Nordland er den fylkeskommunen som overfører mest, om lag 110 millionar kroner i 2007. Møre og Romsdal, Nord Trøndelag, Troms og Finnmark overførte om lag 50-60 millionar kroner, og mindre beløp for dei resterande fylkeskommunane. Dei som overfører minst er dei sentrale fylkeskommunane på Austlandet som Oslo, Østfold og Vestfold som overførte om lag 10 millionar.

Midlane skal i all hovudsak gå til bedriftsutviklingstiltak og etableringsstipend. Generelt vektleggast at prosjekta skal bidra til kompetanseheving og nyskaping. Fleire oppdragsbrev understrekar at kvinner og unge skal vera målgruppa. Nokon oppdragsbrev gjer også føringar for korleis midlane skal vera fordelt geografisk, og ber Innovasjon Noreg prioritera distriktskommunar og næringsssvake områder.

Gjennomgangen av Innovasjon Noreg utført av NIFU STEP (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008) visar at det er knytt relativt samansette målsetjingar til løyvingane Innovasjon Noreg mottek gjennom fylkeskommunane. Det å fremma kompetanse utvikling og nyskaping er eit av fleire mål, midlane skal fordelast etter kjønn, alder og geografi, og skal i tillegg bidra til ei breiare regionalpolitisk målsetjing.

Det er viktig at befolkninga ser moglegheiter for entreprenørskap i sitt nærrområde og samstundes har dei evner som krevjast for å starta ny bedrift for at entreprenøriell aktivitet skal oppstå i Noreg. Der kan vera demografiske skilnadar i motivasjonen for entreprenørskap. Demografiske karakteristikkar som kjønn, alder, tilgang på rollemodellar i familien kan påverka individets ønske om å involvera seg i entreprenøriell aktivitet. Altså, Vurderinga av kor attraktivt entreprenørskap er som ein karriereveg er ein viktig indikator på haldningar for entreprenøriell aktivitet (Erlend Bullvåg, 2010, s. 23).

5.3.1 Udekkede behov i sentrale strøk?

Frå Riksrevisjonens rapport (Riksrevisjonen, 2008, s. 83) les ein at der er eit skilje mellom sentrale strøk og distrikta på spørsmål om distriktskontora har nok tilskotsmidlar til å støtte ulike målgrupper. I fylker som Østfold, Oslo, Akershus, Rogaland og Hordaland kjem der uttrykk for at der er for lite midlar i forhold til etterspurnad og behov hos viktige målgrupper som etablerarar, unge bedrifter og små- og mellomstore bedrifter med vekstambisjonar. 10 av 14 direktørar ved distriktskontora oppgjer at det er for lite midlar til innovative prosjekt. Dei kommenterer også at det er generelt lite midlar til innovative prosjekt i sentrale strøk.

Andre næringar enn primærnæringane utgjer ein tydeleg del av bedriftene utafør det distriktpolitiske verkemiddelsområdet. Direktøren ved Innovasjon Noreg Agder kommenterer at det med svært små landsdekkande verkemidlar er ein langt større etterspurnad etter midlar enn det kontoret kan gje. Direktøren ved Innovasjon Noreg Rogaland meiner at det generelt er for små rammer i såkalla sentrale områder, der verdiskapingspotensialet er størst. Han peikar på at næringsutvikling i sentrale strøk også vil ha positive ringverknadar i distrikta. Det visar seg at det særleg er fylker som dekker sentrale strøk som opplever knappheit på midlar for å imøtekomme behova til prioriterte bedrifter og prosjekt.

Evalueringa av Innovasjon Noreg (Pöyry, 2010) konkluderar med at regional utvikling ikkje naudsynt fremmast av sektorretta støtte. Innovasjonshøgda i innovasjonsprosjekta vurderast som for låg til å bidra til regional verdiskaping. ”En større andel av verkemidla bør støtte prosjekter med innovasjon av nasjonal eller internasjonal karakter som sentralt siktemål. En større andel av midlene bør gjøres tilgjengelig for bedrifter i sentrale strøk” (Pöyry, 2010).

NHO sjef John G. Bernander er samd med hovudkonklusjonane frå denne evalueringa, og meiner at denne evalueringa visar at Innovasjon Noreg har eit stort unytta potensial for å utløysa meir innovasjon og verdiskaping, men må då støtta frå Innovasjon Noreg konsekvent begrunnast med innovasjonens kvalitet og forretningsmessige potensial, og ikkje bedriftenes postadresse (NHO, 2010).

6 Tildelingar, Innovasjons aktivitet og økonomisk vekst geografisk fordelt i Noreg.

Som lest over i har blant anna SIVA som mål å fremma vekstkraft i distrikta. Distribuert inkubator er eit av reiskapane som er nytta for å oppnå dette målet.

Forskningsrådet tilbyr også tenester og rådgjevnad på regionalt nivå og samarbeidar tett med SIVA og Innovasjon Noreg på desse områda. Ein av desse virkemidla er *Verkemiddel for regional forskning* (VRI) som skal styrka samarbeidet mellom næringsliv og forskning i regionane. Regionale forskingsfond skal styrka regionanes forskningsevne og konkurransevne. Dei skal finansiera forskingsprosjekt i både næringsliv og offentleg sektor og utvikla gode og konkurransedyktige FoU-miljø i alle fylker. Forskningsrådet har 12 regionale representantar, som arbeidar for å fremma forskning og utvikling i regionane. Desse regionale representantane har kontor plass ved Innovasjon Noregs distriktskontor over heile landet (Forskningsrådet, 2009 C).

Innovasjon Noreg har som ein av fire delmål, å bidra til auka innovasjon i næringslivet over heile landet. I samarbeid med Forskningsrådet har dei 12 regionale representantar.


I dette kapitlet vil eg sjå på den geografiske variasjonen der er i Noreg angående innovasjonsaktivitet og økonomisk vekst. Eg ynskjer her å få ein oversikt over korleis tildelingane frå Innovasjon Noreg til fylka er, og korleis den påverkar innovasjonsaktiviteten, og eventuelt om den førar til økonomisk vekst. g Eg vil samanlikna tildelingar av midlar med innovasjonsaktivitet og økonomisk vekst. Når det gjeld økonomisk vekst vil hovudvekta ligga på dei geografiske prioriteringane, då eg i oppgåva vil måla økonomisk vekst per fylke (eller region) og ikkje mellom kjønn og alder grunna mangelfull statistikk over dette. Det eg ynskjer her er å finna ut om der er ein klar positiv korrelasjon mellom tildelingar frå Innovasjon Noreg, innovasjonsaktivitet og økonomisk vekst.

6.1 Befolkningsutvikling

Gjennom det siste tiåret har den nasjonale befolknings- og sysselsetjingsutviklinga gått eintydig i sentraliserande retning. Denne sentraliseringa har blitt forsterka av dei seinare års

høgkonjunktur. Veksten i nye jobbar og i sysselsette har vore både absolutt og relativt størst i dei store byane, der har også folketalet auka mest. Dette skuldast både høg netto innflytting frå både inn- og utland, og relativ høg naturleg vekst. Flyttebalansen mellom små og store by-regionar har vore særleg skeiv for folk med høgare utdanning, som både er ein medverkande årsak til, og ein verknad av dei kunnskapsintensive næringanes ujamne regionale vekstdynamikk (Onsager, 2008). Figur 1 under visar befolkningsveksten i dei ulike regionane frå 1990 og fram til 2010.

Figur 1: Befolkningsvekst i regionane 1990 - 2010



Kjelde: (Statistisk Sentralbyrå - Befolkning)

I Noreg er der ein relativt markant regional arbeidsdeling mellom storbyanes spesialisering innafor kunnskapsintensiv tenesteyting, små og mellomstore byars spesialisering innafor industri, og mindre byar og stadsregionars spesialisering innafor resursnæringane.

Dei viktigaste barrierane mot innovasjon er i følgje bedriftenes respondentar økonomiske faktorar, dvs for stor økonomisk risiko, høge innovasjonskostnadar eller mangel på finansiering. Ein finn ikkje nokon store regionale skilnadar når det gjeld dei økonomiske faktorane. Når det gjeld den andre store barrieren, som omhandlar problemet med å halde på eller rekruttere kvalifisert arbeidskraft, ser ein regionale skilnadar. Dette visar seg å vera ein klar avgrensande faktor for dei bedriftene som er lokalisert i mindre byar og stader enn for bedrifter i storbyar. Bedrifter som held til i storbyar har klare fordelar av nærleiken til mange

aktørar, store kunnskapsressursar og marknader, og god tilgang på høgt utdanna arbeidskraft. Bedrifter i småbyar og distrikt har mindre lokalmiljø og marknader å spille på og er meir avhengig av kunnskapsinnhenting og innovasjon gjennom samarbeid og nettverk. Det å halda på eller rekruttere folk med høgare utdanning er ein stor utfordring for bedrifter i desse områda. (Onsager, 2008)

6.2 Regional fordeling av samla FoU-innsats i Noreg

Forskning og utvikling (FoU) heng svært nært saman med innovasjon, har derfor vald å ha eit kapittel om korleis FoU er fordelt blant fylka i Noreg. I tabell 6 er Noregs totale FoU-utgifter i 2005 fordelt på regionar. Frå tabellen ser me at Oslo og Akershus er den dominerande regionen, den får 42% av FoU-utgiftene. Hedmark og Oppland er regionen som får minst med 2% av FoU utgiftene. Nord-Noreg, som inkluderar Svalbard, fekk 6% (Wendt, 2007)

Tabell 6: Totale FoU-utgifter etter region

	Millionar kr	Prosent
Nord Noreg	1 747	6 %
Trøndelag	4 833	16 %
Vestlandet	4 480	15 %
Agder og Rogaland	2 384	8 %
Oslo og Akershus	12 494	42 %
Hedmark og Oppland	671	2 %
Sør Øst landet	3 034	10 %
Total sum	29 643	100 %

Kjelde: (Wendt, 2007, s. 66)


Frå rapporten Det norske forskings og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorar 2007, (Wendt, 2007) finn ein FoU utgiftene i 2005 etter fylke og utgifter per innbyggjar. Sør Trøndelag – med 16 000 kroner per innbyggjar, ligg ikkje langt bak Oslo som har 17 050 kroner per innbyggjar. Landsgjennomsnittet var 6500 kroner per innbyggjar. Hedmark hadde lågast FoU beløp per innbyggjar på om lag 950 kroner. Sør Austlandet hadde i 2005 den høgaste andelen FoU-finansiering frå næringslivet. Dette er heng saman med at FoU-verksemda i denne regionen er nært knytt næringslivet. I Nord Noreg dominerar offentleg finansiering.

Det er store regionale skilnadar innafor forskning og utviklingsarbeid (FoU) i regionane. Busetings mønstre, nærheit til tenester, marknader og kompetansmiljø er faktorar som avgjer

den geografiske spreininga av FoU aktiviteten i næringslivet. Dei ulike regionar kan også ha ulike næringsstruktur, dette har også betydning for FoU aktiviteten. Diagram 2 under visar eigenutført FoU etter fylker i 2006 målt i millionar kroner. Diagram 3 visar eigenutført FoU per sysselsett etter fylke i 2006. Diagram 4 visar tall for næringslivets innovasjonsverksemd etter fylker i 2006. Diagram 3 og 4 er her forenkla til seks fylker, dei heile tabellane ligg som vedlegg nr 4 og 5.


Frå diagramma me at FoU-verksemda er konsentrert i dei sentrale områda i landet, då spesielt fylker med større bydanning. Det er Oslo og Akershus som har høgast eigenutført FoU, men også ein del andre fylker hadde eigenutført FoU på over 1 milliard kroner i 2006. Dei fire nordlegaste fylka står saman for under 4 prosent av den eigenutførte FoU verksemda.

Diagram 2: Eigenutført FoU etter fylker i 2006



Kjelde: (Statistisk Sentralbyrå - FoU, 2008)


Diagram 3: Eigenutført FoU per sysselsett etter fylke i 2006



Kjelde: (Statistisk Sentralbyrå - FoU, 2008)

Når det kjem til innovasjon er der mindre spreing i andel innovative verksemder mellom fylka enn andel i FoU verksemder. Dette kan tyda på at FoU verksemnda er meir konsentrert enn innovasjonsverksemnda.

Diagram 4: Tall for næringslivets innovasjonsverksemnd etter fylker i 2006. Målt i prosent



Kjelde (Statistisk Sentralbyrå - FoU, 2008)

Når me samanlinkar talla i vedlegg 4 og 5 ser me at fylker med svært låg FoU-aktivitet som Hedmark, Nord-Trøndelag og Troms er på same nivå (dels på høgare nivå) når det gjeld prosent av bedrifter med innovasjon, bedrifter med innovasjonssamarbeid.


I nokon fylker som Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal og Hordaland er det liten skilnad i andel FoU verksemder og innovasjonsverksemder. Dette må tolkast som at innovasjonsverksemnda er i svært stor grad FoU-basert i desse fylka (Statistisk sentralbyrå - regionale skilnadar, 2008).

I ein artikkel frå forskningspolitikk vert det hevda at det er grunn til å stiller spørsmål ved fornufta ved å favorisera FoU og høgteknologiske sektorar så mykje som me gjer i dag når målet er økonomisk vekst for heile økonomien ved hjelp av auka innovasjon og konkurransedyktigheit. Eit prosjekt kalla PILOT – ”Policy and Innovation in Low Tech” visar at dei høgteknologiske sektorane ikkje dominerar i ditt bidrag til økonomisk vekst i forhold til ande sektorar i samfunnet. Prosjektet visar at innovasjon eksisterar i næringssektoren utan vesentleg forskingsaktivitet, og at produkt og prosessendringar, samt organisatoriske løysingar implementerast ved hjelp av nettverk og samarbeid med kundar og leverandørar. Konklusjonen er klar, om målet er å stimulera til innovasjon i heile økonomien må politikkkverkemidla stimulera innovasjonsaktivitetar i sektorar som vanlegvis ikkje driver FoU (Pedersen, 2005).

6.3 Geografisk fordeling av midlar

Diagram 5 under er ein illustrasjon over den geografiske fordelinga etter fylker, for forenkling har eg her tatt eit utval på seks fylker, den heile tabellen ligg som vedlegg nr 1. Det er ein oversikt over kor mykje pengar som vart overført til innovasjonsprosjekt i 2007. Frå tabellen ser me ein klar tendens til at dei mest distriktsprega fylka scorar lågast på andel prosjekt med innovasjon på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Finnmark har den lågaste andelen, etterfølgt av Hedmark, Nordland, Nord Trøndelag og Sogn og Fjordane. Det er høgast andelar av innovative prosjekt i dei mest sentrale fylka, som Oslo, Østfold og Akershus..

Diagram 5: Midlar til innovasjon etter fylker 2007.



Kjelde: (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008)

Det er då ynskjeleg å finna ut kvifor det er slik at dei mest perifere områda har lågast andel innovasjon, og dei mest sentrale har den høgaste andelen innovasjon. Vil no sjå på antal tilsegn fordelt i 2008 og 2009 og sjå om desse kan vera med å forklara skilnaden.

I frå vedlegg 2 som visar antal tilsegn 2008 (i denne analysen ser eg vekk i frå Svalbard) ser me at Møre og Romsdal får mest med 518 millionar kr, på andre plass kjem Troms med 450 millionar kr, etter Troms kjem Nordland med 431mill kr, Sogn og Fjordane og Sør Trøndelag med 324 mill kr, og Hedmark med 318 millionar kr. Om me så ser på dei seks fylka me høgast tildeling til innovasjon etter prosent (vedlegg 1) så har me Oslo på førsteplass med 34% av midlane som går til innovasjon, på andre plass kjem Østfold og Akershus med 27%, Møre og Romsdal 26%, Vest Agder og Telemark med 24%. Termen innovasjon vil her inkludera innovasjon på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Dei fylka som får overfører lågast midlar til innovasjon er Vestfold med 68 mill kr, Aust Agder med 69 mill kr, Akershus med 86 mill kr, Østfold med 96 mill kr, og Buskerud med 134 mill kr. Dei som har den lågaste prosenten til innovasjon er Finnmark med 5%, Hedmark med 7%, Nord Trøndelag og Nordland med 8%, Sogn og Fjordane med 9%, Aust Agder med 10%, og Troms med 12%.


Me ser frå vedlegg 1 at Hedmark i saman med Sogn og Fjordane og Troms, er ein av dei fylka som mottek mest midlar til innovasjon er også på botn når det gjeld prosent av midla som går til innovasjon. Så kan ein spørja, kva er årsaka til dette? Dette går også andre vegen med Østfold og Akershus som er ein av dei fylka som mottek lågast midlar til innovasjon, men som har ein av dei høgaste prosent av midlane som går til innovasjon.

I dette tall materialet visast ein tendens til at innovasjonsaktiviteten finansiert av Innovasjon Noreg er vesentleg lågare i dei perifere områda, men ein bør hugsa på at ein forholdsvis stor andel i verkemidla retta mot primærnæringane går til desse områda, og detta kan forklara skilnaden. At så lite går til innovasjonsaktivitetar er ikkje eit resultat av Innovasjon Noregs strategi (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008, s. 36), men det er eit resultat av dei politiske føringane som Innovasjon Noreg arbeidar under. Det er altså dei rammepolitiske vilkåra som Innovasjon Noreg arbeider under som set dei viktigaste avgrensingane for i kva grad selskapet kan prioritera innovasjonsprosjekt. Midlar som går til primærnæringa er så store at innovasjon i seg sjølve er ikkje det sentrale i norsk politikk, men å utvikla næringsaktiviteten på eit vist

nivå. Når det i praksis er andre føringar enn innovasjon som er det sentrale, kan namnet Innovasjon Noreg vera misstyndande (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008, s. 35).

Diagrammet under vil sjå på eit utval av fylker, liste over alle fylka ligg som vedlegg nr 6. Diagram 6 visar bruttoprodukt i basis verdi, som er hovudtal frå nasjonalregnskapet, og visar den økonomiske veksten i frå 2003 til 2007 (målt i løypande prisar, millionar kr).

Diagram 6: Hovudtal nasjonalregnskap, bruttoprodukt (basisverdi)



Kjelde: (Statistisk Sentralbyrå - nasjonalregnskap)

Me ser frå diagram 6 at alle dei utvalde fylka har hatt økonomisk vekst sidan 2003, men graden vekst har stor variasjon. Finnmark, Sogn og Fjordane, og Vestfold har låg økonomisk vekst, medan Sør Trøndelag, Hordaland og Oslo har ein meir markant økonomisk vekst.

Vestfold er av dei utvalde fylka det fylke som får minst overføringar i frå Innovasjon Noreg og som ein ser, har også ein svak økonomisk vekst. Sogn og Fjordane er det fylker som får mest midlar overført frå Innovasjon Noreg, likevel har dei også ein svak økonomisk vekst. Men som ein ser frå diagram 6 nyttar dei ikkje mange prosent av tildelingane til innovasjonsretta prosjekt. Det same kan gjelda Finnmark, Finnmark mottok mindre tildelingar enn Oslo, meir enn Vestfold, og har ein svak økonomisk vekst, og låge prosentandelar av tildelingane som går til innovasjon. Det er Oslo som har både størst økonomisk vekst og høgast BNP. Om ein no ser igjen på diagram 5 over overførte midlar ser me at Oslo nyttar ein høgare prosentandel av sine tildelte midlar frå Innovasjon Noreg til innovasjonsprosjekt. Hordaland som også har ein høgare prosentandel av overføringane om går til innovasjon, og har også ei

jamn auke i økonomisk vekst. Dette kan indikera at høgare prosentandel til innovasjon kan gje høgare økonomisk vekst.

6.3.1 Tilsegn til fylka 2008 - 2009

Vedlegg 2 og 3 visar antal tilsegn til kvart fylke i åra 2008 og 2009 (Innovasjon Norge). Me ser frå vedlegga at Møre og Romsdal, Troms, Rogaland og Nord Trøndelag er fylka som totalt sett får mest tilsegn i 2009. I 2008 var der Troms, Nordland, Hedmark og Nord Trøndelag som fekk mest. Samtlige fylker med unntak av Østfold, Buskerud, Nordland og Troms har fått auka tilsegn frå 2008 til 2009. Fylka som fekk minst tilsegn i 2008 var Aust Agder, Oslo, Vest Agder, Vestfold og Akershus, dette er også dei fylka som fekk minst i 2009.

Tabellane er delte opp i grupper med midlar, og som ein ser frå tabellane er desse midlane ujamt fordelt. I 2009 skil gruppa "Andre tilskot" seg ut, og der er det Oslo, Hordaland og Rogaland som desidert får den største summen. Ser ein på same gruppe i år 2008 ser ein at Oslo framleis er blant dei som får mest, men Troms skil seg ut her.

Det er Nord Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark som mottek mest distriktsretta tilskot i 2008 og 2009, noko som ikkje er uventa då distriktsretta tilskot prioriterar distrikt.

6.3.2 Er der fellestrekk mellom fylka som mottek mest støtte?

Vil no sjå om der er fellestrekk mellom fylka som mottek mest og minst midlar frå Innovasjon Noreg, og visar tilbake til vedlegg 1. For å sjå etter fellestrekk ved fylka set eg no opp ein tabell med befolkningstall frå 2007 og sysselsetjing i 2007, for å sjå om det er noko fellestrekk for desse fylka. Desse tallane er henta i frå Statistikkbanken hos statistisk sentralbyrå (Statistikkbanken).

Tabell 7: Midlar til innovasjon, prosent til innovasjon, befolkning og sysselsetjing i 2007.

FYLKE	Mill kr	%	Befolkning	Sysselsetting i %	
				Menn	Kvinner
Hedmark	318	7	188 692	72,0	64,5
Sogn og Fjordane	324	9	106 194	78,0	72,5
Troms	450	12	154 136	73,3	69,0
Østfold	96	27	262 523	71,8	64,2
Akershus	86	27	509 177	76,6	70,4
Oslo	237	34	548 617	74,5	69,3

Kjelde: (Statistikkbanken)

Årsaka for å visa tabell 7 er for å sjå om der er nokon klare skilnadar i befolkning og sysselsetting som kan vera med på å forklara skilnadane i midlar tildelt, og midlar nytta til innovasjon. Som me ser frå tabell 7 ser me at dei fylka med lågast befolkning har fått tildelt mest midlar, men har lågast prosent til innovasjonsprosjekt. Østfold, Akershus og Oslo har fått tildelt mindre midlar, men har høgare befolkningstall og høgare prosent som går til innovasjon. Sysslesetingsrata i dei utvalde fylka varierar noko men ikkje slik at ein kan trekkja slutningar på bakgrunn av dette.


Som ein ser i frå avsnitt 6.3 (og i frå vedlegg 2 og 3) er det Nord Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark som mottek mest distriktsretta tilskot i 2008 og 2009. Desse fylka har alle dei same karakteristikkane og er prioriterte når det gjeld distriktsretta tilskot.

6.4 Nyetableringar

I frå vedlegg 2 og 3 ser me at fylka som mottek mest etablerings- og inkubatorstipend i 2008 var Hedmark, Rogaland, Hordaland, Telemark og Møre og Romsdal, i 2009 var det Telemark, Rogaland, Møre og Romsdal og Nord Trøndelag.

Diagrammet under, diagram 7 visar nye føretak, unntatt offentleg forvaltning og primærnæringane i alle fylka i år 2008 og 2009. Det er her ynskjeleg å sjå kva fylker er det som har høgast etablering av nye føretak, og samanlika dette med etablerings- og inkubatorstipend.

Diagram 7: Nye føretak, unntatt offentlig forvaltning og primærnæringane i 2008-2009.



Kjelde: (Statistisk sentralbyrå - Foretak)

Som me ser frå diagrammet er det Oslo og Akershus som skil seg ut, og har mest nye føretak i 2008 og 2009, likevel er det ikkje desse fylka som mottek mest etablerings- og inkubatorstipend. I 2008 var der 9 fylker, Hedmark, Oppland, Telemark, Rogaland, Hordaland, Romsdal, Nord Trøndelag, Nordland og Finnmark, som mottok meir i etablerings- og inkubatorstipend enn Oslo. Desse fylka, med unntak av Rogaland og Hordaland har låge tall med nye føretak. Sjølv om Oslo starta mest nye føretak i 2008, vart tilskotet redusert frå 2008 til 2009. Etablerings- og inkubatorstipend til Akershus auka frå 2008 til 2009, dette gjeld også Buskerud, Vestfold, Telemark, Vest Agder, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord Trøndelag og Finnmark. Som ein også kan sjå i frå diagrammet ser ein at samtlege fylker starta mindre nye føretak i 2009 enn i 2008. Verknadar av finanskrisa kan vera ein av årsakene til dette.

Totale nyetableringar var i 2008, 46517 og gjennomsnittet per fylker var 2325,85 nyetableringar. Tabell 8 visar fylker som hadde nyetableringar nærast gjennomsnittet og ser korleis tildelingane frå Innovasjon Noreg fordelar seg over desse fylka.

Tabell 8: fylker med nyetableringar rundt gjennomsnitt 2008


	ET & IS	Nyetableringar
ØSTFOLD	12	2404
BUSKERUD	21	2545
VESTFOLD	19	2220
SØR-TRØNDELAG	32	2699
Vest-Agder	26	1846

Kjelde: (Statistisk sentralbyrå - Foretak)

Me ser at for fylker med nyetableringar nær gjennomsnitt vil tildelingane variera.

Diagram 8 er ein illustrasjon over vekst i nyetableringar 2008 til 2009 samt utviklinga i tildelingar 2008 til 2009. Vil med dette sjå på korleis tildelingane av etablering og inkubator stipend endra seg frå 2008 til 2009, vart det høgare tildelingar til dei fylka som hadde flest nyetableringar året før? Diagram 8 under visar fylka som hadde over gjennomsnitt nyetableringar i 2008. ET & IS er henta frå vedlegg 2 og vedlegg 3 , etablering er her multiplisert med 100 for å få effekten fram i diagrammet.

Diagram 8: Vekst i nyetableringar og tildelingar 2009 til 2009.




Kjelde: (Statistisk sentralbyrå - Foretak) og vedlegg nr 2 og 3.

Me ser frå diagram 8 at ingen av fylka hadde vekst i antal nyetableringar frå 2008 til 2009, alle hadde reduksjon i antal nye føretak. Dette gjeld ikkje berre dei utvalde fylka i diagrammet men ingen av fylka i Noreg hadde fleire nye føretak i 2009 enn i 2008. Akershus og Buskerud

opplevde auka tildelingar av ET og IS, medan dei andre fylka i diagrammet fekk reduksjon i tildelingane. Om ein ser igjen på vedlegg 2 og 3 så ser ein at Akershus, Buskerud, Vestfold, Telemark, Vest Agder, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord Trøndelag og Finnmark var dei fylka som mottok meir tildelingar av ES og IS i 2009 enn 2008. Likevel skil ikkje desse fylka seg ut i antal nyetableringar i 2009. Dette kan indikera at etablerings- og inkubatorstipend ikkje har optimal effekt på antal nyetableringar.

Diagram 9 under visar fylker som fekk om lag like mykje tildelt i etablerings- og inkubator stipend frå Innovasjon Noreg i 2008, og ynskjer å sjå om desse fylka hadde om lag like mykje nyetableringar.

Diagram 9: Nyetableringar i 2008 av fylker med tilnærma lik tildelingar frå Innovasjon Noreg.




Kjelde: (Statistisk sentralbyrå - Foretak)

Som ein ser i frå diagram 9 er der stor skilnad på antal nyetableringar i 2008 sjølv om dei fekk tildelt om lag same mengde tildelingar. Oslo har flest med 9586 nyetableringar, og Finnmark lågast med 473. Her er det også store skilnader i karakteristikken til fylka, sentralisering, befolkning, kultur, mm som kan vera med på å påverka antal nyetableringar (andre forhold som kan påverka nyetablering diskuterast under). Mellom Aust Agder og Vest Agder ser ein også store skilnadar i antal nyetableringar, Vest Agder hadde 1846 nyetableringar i 2008 og Aust Agder 893. Ein kan ikkje konkludera med noko her då desse skilnadane kan vera på bakgrunn av befolkning, BNP og andre faktorar.

Om ein heller samanliknar fylker som er relativt like i befolkning, har relativt lik BNP i nasjonalbudsjettet, er relativt lik i sentralisering, vil ein forventa at antal nyetableringar var

relativt likt gitt at fylka mottok same mengde tildeling. Har i diagram 10 illustrert antal nyetableringar frå seks fylker der dei parvis er relativt like. Dvs. Hedmark og Oppland har om lag lik befolkning, får om lag likt tilskot, om lag likt BNP og om lag lik sentralisering, det same gjeld Buskerud og Vestfold, og Rogaland og Hordaland.

Diagram 10: Antal nyetablering i relativt like fylker.



(Kjelde: Statistisk sentralbyrå – Føretak)

Som me ser frå diagrammet er antal nyetableringar relativt like for dei relativt like fylka. Dette kan indikera at fylker som har like trekk, og mottek lik mengde tilskot kan resultera i om lag lik mengde nyetableringar.

Ein ser frå diagram 10 at Rogaland og Hordaland har om lag dobbelt så mange nyetableringar enn Hedmark og Oppland. Desse fylka mottok om lag like mykje i tilskot men er ikkje like når det gjeld karakteristik, Rogaland og Hordaland har meir befolkning og høgare BNP noko som kan indikera at befolkning og BNP er faktorar som verkar sterkare inn når det gjeld antal nyetablering enn etablering og inkubatorstipend.

Gitt indikasjonane i avsnittet over er det ynskjeleg å finna ut kva andre forhold som påverkar nyetableringar.


6.4.1 Andre faktorar som kan påverka nyetableringar?

Det er ynskjeleg å få kunnskap om andre forhold enn etablerings- og inkubatorstipend som påverkar nyetableringar. Som me las over i avsnitt om FoU vil busetings mønstre, nærheit til tenester, marknader og kompetansemiljø vera faktorar som påverka den geografiske spreinga av FoU aktiviteten i næringslivet. Ulike regionar kan også ha ulike næringsstruktur, dette har

også betydning for FoU aktiviteten. Dette knytter seg også til nyetableringar. Allereie indikert i kapittelet over er at BNP og befolkning kan vera med å påverka antal nyetableringar. Andre faktorar som kan tenkjast å kunna påverka nyetableringar er regionale faktorar som antal bedrifter i nærmiljøet, tilgang på ressursar, sentralisering, kultur og individs ynskje om å vera sjølvstendignæringsdrivane.

Sett opp i Diagram 11 antal bedrifter i dei utvalde, relativt like fylka (hugs parvis relativt like) for å sjå om anfall bedrifter i fylket har ein positiv korrelasjon med antal nyetableringar. Her har eg nytta tal bedrifter i 1.kvartal 2008 og 1.kvartal 2009, antal nyetableringar multipliserast med 10 for å få effekten fram i diagrammet.

Diagram 11: Antal bedrifter i fylket 2008K1 og 2009K1.



* multiplisert med 10

(Kjelde: Statistisk sentralbyrå – bedrifter)

Som me ser frå diagram 11 ser me at jo høgare antal bedrifter i fylket jo fleire nyetableringar. Me ser at Rogaland og Hordaland har større antal bedrifter enn dei andre fylka og også høgare nyetablering. Buskerud som kjem på 3.plass av dei utvalde fylka når det gjeld antal bedrifter er også på 3.plass når det gjeld antal nyetableringar. Dette kan indikera ein positiv korrelasjon mellom antal bedrifter som eksisterar i eit fylke og antal nyetableringar i eit fylke. Me ser også frå diagrammet at Hedmark, Oppland og Vestfold har om lag likt antal bedrifter, og frå diagram 10 veit me at dei får om lag lik tilskot frå Innovasjon Noreg, men likevel ser me at Vestfold (som ikkje har relativt lik karakteristikk som Hedmark og Oppland) har høgare nyetablering. Dette indikerer at det er andre faktorar igjen som kan påverka antal

nyetablering. Vestfold har høgare BNP enn Hedmark og Oppland, og også høgare befolkningstall, dette styrkar opp indikasjonen tidlegare om at BNP og befolkning kan påverka antal nyetableringar.

7 Konklusjon

Ein utfordring som har prega oppgåva var å få tilstrekkeleg informasjon og data for å kunna svara på spørsmålet, kva effekt ein får av å ha prioriterte grupper i Innovasjon Noreg?

Talmateriale som er tilgjengeleg frå årsrapportar og enkelt evalueringar er ikkje tilstrekkelege for ein grundig analyse. Heller ikkje i evaluering av Innovasjon Noreg utført av Econ Pöyry som vart levert til departementet midten av August 2010 inneheld det tal på ein samfunnsøkonomisk gevinst ved innovasjon. I tillegg er det også problemstillingar med sjølve måling av innovasjon, og mål av den økonomiske gevinsten som innovasjon resulterer i.

Dei underliggande målsetjingane for innovasjon er økonomisk vekst. Faktorar som ligg bak økonomisk vekst er teknologisk framgang som inkluderar vitenskap/grunnforskning og innovasjon, humankapital, auka realkapitalbeholdning, og overføring av produksjonsfaktorar til meir produktiv verksemd. Det er mogleg for myndigheita å påverka den økonomisk veksten gjennom innovasjon, dermed er det viktig for eit land å ha eit støtteapparat som vil bruka midlar på innovasjon for å oppnå økonomisk vekst. Målet til regjeringa er å styrka innovasjonsevna slik at den bidrar til mest mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi, samstundes som ein har prioriterte regionar. Ei problemstilling som støtteapparatet må handtera er i kva grad ein klarar å treffe med dei verkemidla ein rår over, slik at ein får størst mogleg effekt av støtta. Innovasjonspolitikken i Noreg må ta omsyn til at ulike fylker har ulike fortrinn, avhengig av kva ressursgrunnlag, kompetanse og næringsliv som held til på staden. Erfaringsmessig har store og næringsmessige differensierte regionar større innovasjonsevne og er mindre sårbare ved omstilling.

Innovasjon Noreg har mange oppdragsgjevarar som alle har eigne mål og prioriteringar, der innovasjon ikkje naudsynt er prioritert. Det er ein relativt komplisert struktur av mål og forventingar, og i tillegg har selskapet ein ganske samansatt tenesteportefølje med ei stor mengde program og tenester. Der er vorte argumentert for at Noregs innovasjonssystem har produsert ein struktur av politikk og institusjonar som gjer liten støtte for nye, kunnskapsintensive sektorar. Det kan sjå ut som om det viktigaste formålet til Innovasjon Noreg er å bidra til kapasitet og strukturutvikling. 35prosent av alle midlane i 2007 gjekk til dette formålet. Avhengig av definisjonen på innovasjon vil prosent til innovasjon variera, om ein nyttar ein steng avgrensing gjekk 18 prosent til innovasjon i 2007, og ein breiare definisjon gje 43 prosent til innovasjon. Det kan dermed sjå ut som om at ressursane som

forvaltast gjennom Innovasjon Noreg går til å styrka og vedlikehalda det allereie eksisterande næringslivet.

Sjøelve forskning på innovasjon er eit relativt nytt felt, og fekk ikkje stor merksemd før på 1980 talet. Forskinga av innovasjon har hatt empirisk karakter, og vert understøtta datakjelder om innovasjonsaktivitet og data om FoU. Å foreta mål gjerast med utgangspunkt i teoriar og definisjonar av innovasjon, og avheng dermed av definisjonen på innovasjon. Ein står overfor utfordringar både på operasjonalisering og faktisk måling. Noko som kan forklara vanskeleg heita med å finna mål på innovasjon og mål effekten av dei ulike tildelingane.

Ein del av utfordringa når det gjeld prioritetsgruppa kvinner er korleis ein skal definera kvinneretta prosjekt, då det visar seg at ulike saksbehandlarar kan definera kvinneretta prosjekt ulikt, og dermed ta ulike avgjerder, noko som kan føra til at same tilfeller kan få ulik behandling og dermed ulike resultat. Måлтаlet er at minst 40 prosent av etableringsstipend skal gå til kvinner. I perioden 2005 til 2007 var mellom 26 til 30 prosent av prosjekta som fekk tildelingar kvinneretta. Og av dei samla løyvingane i 2007 gjekk 21 prosent til kvinneretta prosjekt og 13 prosent til unge. Når det gjeld tildeling av etableringsstipend til kvinner er der store regionale skilnadar.

Eg kan ikkje konkludera om det er samanheng mellom tildelingar og innovasjonsaktivitet når det gjeld kvinner og unge. Med dagens informasjon kan ein ikkje finna indikasjonar på om kvinneretta prosjekt er effektivt eller ikkje. Det finnast ikkje tilgjengelege tall som kan visa innovasjonsaktiviteten som resulterer i støtta Innovasjon Noreg har tildelt til kvinneretta prosjekt, heller ikkje unge. Der har ikkje vore tilgjengeleg informasjon om korleis Innovasjon Noreg prioriterar blant søkarane, då med tanke på kva type prosjekt (innafor kvinner) som vert vald framfor andre, kor mange søknadar om som vert avslått, eller om kvinneprioriteten går ut over andre potensielt gunstige prosjekt.

Innafor forskning og utviklingsarbeid (FoU) er det store regionale skilnadar, busetings mønstre, nærheit til tenester, marknader og kompetansmiljø er faktorar som avgjer den geografiske spreinga av FoU aktiviteten i næringslivet. Dei ulike regionar kan også ha ulike næringsstruktur, dette har også betydning for FoU aktiviteten. FoU-verksemda er konsentrert i dei sentrale områda i landet, då spesielt fylker med større bydanning. Når det kjem til innovasjon er der mindre spreing i andel innovative verksemdar mellom fylka enn andel i FoU verksemdar. Dette kan tyda på at FoU verksemda er meir konsentrert enn

innovasjonsverksemda. I nokon fylker er det liten skilnad i andel FoU verksemder og innovasjonsverksemder. Dette må tolkast som at innovasjonsverksemda er i svært stor grad FoU-basert i desse fylka.

Når det gjeld den geografiske fordelinga av midlar i frå Innovasjon Noreg er der store skilnader. Generelt kan ein sjå at fylker som mottek høgast tildelingar frå Innovasjon Noreg nytta låge andelar av tildelingane til innovasjonsprosjekt, og fylker som mottek låge tildelingar, nyttar høgare prosent av tildelingane til innovasjonsretta prosjekt. Det visar seg også at dei mest perifere områda har lågast andel innovasjon, og dei mest sentrale har høgast andel innovasjon. Altså, innovasjonsaktiviteten finansiert av Innovasjon Noreg er vesentleg lågare i dei perifere områda, men ein stor andel i verkemidla retta mot primærnæringane går til desse områda, og dette kan vera ein forklarande variabel.

Når ein ser på utviklinga i BNP saman med tildelingane får Innovasjon Noreg ser ein at fylker som har ein høg prosent av tildelingane som går til innovasjon også har jamn auke i økonomisk vekst. Dette indikerar på at høgare prosentandel til innovasjon kan gje høgare økonomisk vekst.

Når det gjeld nyetableringar og etablerings- og inkubatorstipend (ET og IS) ser ein ikkje ein klar positiv relasjon mellom desse. Fylka som skil seg ut (Oslo og Akershus) med høgast nyetableringar er ikkje dei fylka som mottek mest Etablerings- og inkubatorstipend. Fylkar som fekk om lag like mykje i tildelingar (ET og IS) frå Innovasjon Noreg har ikkje liknande tal når det gjeld nyetableringar. Ingen av fylka i Noreg hadde vekst i antal nyetableringar frå 2008 til 2009, alle hadde reduksjon i antal nye føretak, uavhengig om dei fekk auka tildelingar frå Innovasjon Noreg.

I fylker som har relativt lik karakteristikk ser ein at fylker med høgare antal etablerte bedrifter har fleire nyetableringar, fylker med høgare BNP har fleire nyetableringar, og fylker med høgare befolkning har høgare nyetablering. Dette er indikasjonar på at befolkning, BNP og antal etablerte bedrifter i eit fylke vil ha positiv påverknad på nyetableringar.

Det er rimeleg å anta at utan Innovasjon Noregs verkemidlar ville norsk verdiskaping vore lågare. Den samfunnsøkonomiske kostnaden var i 2008 på om lag 1,5 mrd kr, nytten av auka verdiskaping er det vanskeleg å setja tal på, men den er auka verdiskaping i bedriftene,

samarbeidsgevinstar mellom bedrifter, utvikling av felles godar, og kunnskap om at det eksisterar moglegheiter for støtte til gode idear.

Litteraturliste

Aanstad, S., Scordato, L., & Spilling R, O. (2008). *Innovasjon Noreg – noen utfordringer. Rapport 45/2008* . Rapport 45/2008 Nifu step .

Aksjonsprogrammet. (u.d.). http://www.aksjonsprogrammet.no/U_sider/u9.htm. Hentet april 18, 2010 fra aksjonsprogrammet, Universitetet i Tromsø:
http://www.aksjonsprogrammet.no/U_sider/u9.htm

Arild, B. (2007, Juli 04). *Imitasjon skaper også økonomisk vekst* . Hentet August 01, 2010 fra www.konsulentguiden.no: <http://www.konsulentguiden.no/index.cfm?id=301579>

Bedriftshjelp. (u.d.). www.bedriftshjelp.no. Hentet februar 15, 2010 fra <http://www.bedriftshjelp.no/>

Erlend Bullvåg, L. K. (2010). *Entreprenørskap i Noreg 2009*. Høgskulen i Bodø. Trykk: Lundblad Media Bodø.

Fagerberg, J. (u.d.). *Jan Fagerberg - A guide to Schumpeter*. Hentet Juni 15, 2010 fra http://www.cas.uio.no/Publications/Seminar/Confluence_Fagerberg.pdf

Forskningsrådet. (2009 B, september 25). *Dette finansierer vi*. Hentet februar 15, 2010 fra www.forskningsradet.no:
<http://www.forskningsradet.no/no/Dette+finansierer+vi/1244734249858>

Forskningsrådet. (2009 A). *Forskningsrådets organisasjon*. Hentet februar 15, 2010 fra www.forskningsradet.no:
<http://www.forskningsradet.no/no/Artikkel/Forskningsradets+organisasjon/1182736863056>

Forskningsrådet. (2009 C, august 10). *Regionale samarbeid*. Hentet mars 2010 fra www.forskningsradet.no:
<http://www.forskningsradet.no/no/Regionale+samarbeid/1249538426712>

Gry Agnete Alsos, O. J. (2000). *Bedriftsutvikling i distriktene*. Hentet Juli 2010 fra http://nordlandsforskning.no/files/Rapporter%202000/rapp_26_00.pdf.pdf

Innovasjon Noreg. (2005). www.innovasjonnorge.no. Hentet mai 06, 2010 fra [http://arsrapport.innovasjonnorge.no/templates/Page.aspx?id=834#Unge i Fokus](http://arsrapport.innovasjonnorge.no/templates/Page.aspx?id=834#Unge%20i%20Fokus)

Innovasjon Norge (u.d.). *Antal tilsegn til kvart fylke i åra 2008 og 2009*. Ligger som vedlegg nr2 og vedlegg nr 3. tilsendt frå Innovasjon norge.

Isaksen, A. (1996). *Regional innovasjon: en ny strategi i tiltaksarbeid og regionalpolitikk*. The STEP Group.

Jan Fagerberg, D. C. (2009). *The evolution og Norways national innovation system*. University Library of Munich, Germany.

Jan Fagerberg, M. S. (2009). *Innovation and economic development*. Centre for Technology, Innovation and Culture, University of Oslo.

Kollerud, E. (2009, 09 24). *Gir forskning og innovasjon økonomisk vekst?* Hentet 08 01, 2010 fra www.rcn.no:
http://www.rcn.no/no/Nyheter/Gir_forskning_og_innovasjon_okonomisk_vekst/1253599645453

NHO. (2010, August 17). *Mer innovasjon, mindre geografi*. Hentet August 19, 2010 fra <http://www.nho.no/forskning-og-innovasjon/mer-innovasjon-mindre-geografi-article22277-75.html>

Nærings- og handelsdepartementet. (2000, mars 08). *Ny giv for nyskaping*. Hentet juli 25, 2010 fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/nou-er/2000/nou-2000-7.html?id=376058>

Nærings- og handelsdepartementet. (2009). *Prop. 1 S Preposisjon til Stortinget*. Hentet Februar 15, 2010 fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/regpubl/prop/2009-2010/prop-1-s-20092010/8/3/15.html?id=580641>

Nærings- og Handelsdepartementet. (2008A, Desember 05). *St. meld. nr. 7 "Et nyskapende og bærekraftig Norge"*. Hentet mars 26, 2010 fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-7-2008-2009-.html>

Nærings- og Handelsdepartementet. (2008 B, September 04). *www.regjeringen.no*. Hentet februar 15, 2010 fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/pressemeldinger/pressemeldinger-2008/forenkling-for-naringslivet-alle-stotteo.html?id=525608>

OECD. (2008). *OECD Reviews of Innovation Policy, Norway*. OECD. OECD publications.

Onsager, K. (2008). *Kunnskapsnæring, innovasjon og regional utvikling*. Norsk institutt for by- og regionforskning. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.

Pedersen, T. E. (2005). *Lavteknologiske næringers bidrag til økonomisk vekst*. Hentet August 01, 2010 fra Forskningpolitikk.: http://nifu.pdc.no/index.php?seks_id=4381

Pöyry, E. (2010). *Evaluering av Innovasjon Norge*. Nærings og Handelsdepartement. Oslo: Agenda Aupang.

Reinert, E. S. (1994). *Hvorfor er økonomisk vekst geografisk ujevnt fordelt?* Hentet August 01, 2010 fra www.step.no: <http://www.step.no/reports/Y1994/1994.pdf>

Riksrevisjonen. (2008). *Riksrevisjonens undersøkelse av Innovasjon Norge som statlig næringsutviklingsaktør*. Riksrevisjonen.

Statistikkbanken. (u.d.). *SSB*. Hentet Juli 2010 fra www.ssb.no:
<http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>

Statistisk Sentralbyrå - Bedrifter. *Struktur, bedriftsregistre*. Hentet September 19, 2010 fra www.ssb.no:

http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?Productid=10.01&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSelP.asp&SubjectCode=10

Statistisk Sentralbyrå - Befolkning. (u.d.). *Befolkning*. Hentet Juni 2010 fra

<http://statbank.ssb.no/>:

http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSelS.asp&SubjectCode=02

Statistisk sentralbyrå - Foretak. (u.d.). *Struktur, bedriftsregistre*. Hentet Juli 2010 fra

www.ssb.no:

http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?Productid=10.01&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSelP.asp&SubjectCode=1

Statistisk Sentralbyrå - FoU. (2008, September 22). *Hovedtall for næringslivets FoU-virksomhet etter fylke og økonomisk region i 2006. Bedrifter med minst 5 sysselsatte*. Hentet april 20, 2010 fra www.ssb.no: <http://www.ssb.no/magasinet/analyse/tab-2008-09-22-01.html>)

Statistisk Sentralbyrå - nasjonalregnskap. (u.d.). *Nasjonalregnskap*. Hentet August 15, 2010 fra www.ssb.no:

http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=fnr

Statistisk sentralbyrå - regionale skilnader. (2008, 22 september). *Store regionale forskjeller*. Hentet april 15, 2010 fra www.ssb.no: <http://www.ssb.no/magasinet/analyse/art-2008-09-22-01.html>

Statistisk Sentralbyrå. (2010 A, 01 13). *Ingen økning i innovasjonsaktiviteten*. Hentet 08 01, 2010 fra statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/innov/>

Stephansen, S (2007). *Usynlig Innovasjon*. Hentet August 17, 2010 fra <http://kifinfo.no/> : <http://kifinfo.no/c56157/nyhet/vis.html?tid=49069>

Wendt, K. (2007). *Det norske forsknings og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorar 2007*. NIFU STEP. Norges forskningsråd, NIFU STEP, Statistisk sentralbyrå.

www.innovasjon norge.no. (2008, juni 19). *Strategi for et tydligere Innovasjon Norge*. Hentet mars 02, 2010 fra www.innovasjon norge.no:

http://www.innovasjon norge.no/Aktuelt_fs/Om%20oss/Strategi/080924_Strategidokument%20endelig_.pdf

www.regjeringen.no. (2003-2004). *Om lov om Innovasjon Norge*. Hentet mars 20, 2010 fra www.regjeringen.no:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/regpubl/otprp/20032004/otprp-nr-14-2003-2004-/8.html?id=176547>

Vedlegg

Vedlegg 1: Midlar til innovasjon etter fylker

Fylke	Totalt overført	Til Innovasjon	%
	mill kr	mill kr	
Østfold	96	26	27
Akershus	86	23	27
Oslo	237	81	34
Hedmark	318	23	7
Oppland	144	29	20
Buskerud	134	20	15
Vestfold	68	12	18
Telemark	178	43	24
Aust Agder	69	7	10
Vest Agder	119	29	24
Rogaland	232	53	23
Hordaland	253	55	22
Sogn og Fjordane	324	29	9
Møre og Romsdal	518	136	26
Sør Trøndelag	324	59	18
Nord Trøndelag	284	23	8
Nordland	431	34	8
Troms	450	52	12
Finnmark	192	10	5
Svalbard	2	2	88
Utlandet/Anna	217	78	36
sum	4676	824	18

Kjelde: (Aanstad, Scordato, & Spilling R, 2008)

Vedlegg 2: Antall tilsegn 2008.

Støtte / Fylke prosjekt	AT	DT	ET & IS	LågRL	LRL	R & G	TL	Sum
ØSTFOLD	35	7	12	15	28	1	106	204
AKERSHUS	40		25	5	14	8	76	168
OSLO	115	14	36	1		11	17	194
HEDMARK	48	69	52	58	45	15	181	468
OPPLAND	36	79	44	9	27	11	141	347
BUSKERUD	37	37	21	7	27	3	93	225
VESTFOLD	30		19	8	23	4	91	175
TELEMARK	45	33	56	17	25	27	98	301
AUST-AGDER	21	24	26	14	15		54	154
VEST-AGDER	46	19	26	20	17	4	46	178
ROGALAND	69	23	68	15	36	10	159	380
HORDALAND	90	75	52	50	32	14	130	443
SOGN OG FJORDANE	50	90	18	14	49	13	128	362
MØRE OG ROMSDAL	69	92	51	59	29	34	95	429
SØR-TRØNDELAG	53	70	32	33	30	11	143	372
NORD-TRØNDELAG	18	121	45	57	53	9	160	463
NORDLAND	96	183	44	40	24	6	79	472
TROMS	131	158	42	105	48	12	82	578
FINNMARK	12	131	34	89	14	33	91	404
SVALBARD		3						3
UTL/ANNET	123	78	1				52	254
Sum	1 164	1 306	704	616	536	226	2 022	6 574

AT:	Andre tilskot
DT:	Distriktsretta tilskot
ET & IS:	Etableringsstipend og inkubatorstipend
LågRL:	Lågrisiko lån
LRL:	lånebeløp for rentestøtte landbruk
RL & G:	Risikolån og garantiar
TL:	Tilskot Landbruk

Vedlegg 3: Antall tilsegn

2009

Støtte / Fylke prosjekt	AT	DT	ET & IS	LågRL	LRS	R & G	TL	Sum
ØSTFOLD	17	6	10	27	26	21	106	213
AKERSHUS	66	1	34	18	15	17	80	231
OSLO	136	9	25			30	22	222
HEDMARK	55	79	39	60	42	31	179	485
OPPLAND	42	110	27	10	45	28	138	400
BUSKERUD	29	21	24	18	23	6	101	222
VESTFOLD	31	1	21	17	21	11	83	185
TELEMARK	53	39	64	30	25	37	116	364
AUST-AGDER	18	27	12	17	22	12	84	192
VEST-AGDER	57	13	30	29	22	22	63	236
ROGALAND	137	39	60	53	47	35	202	573
HORDALAND	102	44	46	62	44	50	165	513
SOGN OG FJORDANE	40	108	20	16	55	17	140	396
MØRE OG ROMSDAL	70	113	60	85	33	105	112	578
SØR-TRØNDELAG	85	51	30	55	40	25	179	465
NORD-TRØNDELAG	20	103	59	70	77	24	193	546
NORDLAND	65	156	26	37	31	23	90	428
TROMS	67	145	39	116	59	45	105	576
FINNMARK	25	149	38	100	8	53	65	438
SVALBARD		3						3
UTL/ANNET	177	89				1	69	336
Sum	1 292	1 306	664	820	635	593	2 292	7 602

AT: Andre tilskot
DT: Distriktsretta tilskot
ET & IS: Etableringsstipend og inkubatorstipend
LågRL: Lågrisiko lån
LRS: lånebeløp for rentestøtte
RL & G: Risikolån og garantiar
TL: Tilskot Landbruk

Kjelde på vedlegg 2 og 3, vart tilsendt på mail frå Innovasjon Noreg.

Vedlegg 4: Eigenutført FoU per sysselsett etter fylke i 2006

Fylke	millionar	prosent
Buskerud	1 404	41,3
Sør Trøndelag	1 414	36,9
Oslo	4 445	34,9
Akershus	2 295	29,9
Vestfold	705	23,8
Oppland	392	19,3
Telemark	398	19
Svalbard	48	18,4
Møre og Romsdal	670	16,7
Rogaland	1 417	16,5
Aust-Agder	216	16,5
Hordaland	1 174	15,8
Vest - Agder	353	15,5
Østfold	519	15,1
Troms	194	12,5
Nord Trøndelag	159	11,1
Nordland	303	10,8
Sogn og Fjordane	142	9,4
Hedmark	92	4,6
Finnmark	19	2,7

Kjelde: (Statistisk Sentralbyrå - FoU, 2008)

Vedlegg 5: Tall for næringslivets innovasjonsverksemd etter fylker i 2006. Målt i prosent.

	Produkt eller prosess innovasjon	bedrifter med innovasjonssamarbeid
Oslo	22 %	49 %
Vestfold	20 %	57 %
Hedmark	20 %	62 %
Buskerud	18 %	48 %
Akershus	18 %	57 %
Oppland	18 %	58 %
Rogaland	18 %	45 %
Østfold	18 %	46 %
Troms	18 %	70 %
Sør Trøndelag	17 %	68 %
Aust-Agder	17 %	52 %
Telemark	16 %	56 %
Møre og Romsdal	16 %	69 %
Nord Trøndelag	16 %	70 %
Sogn og Fjordane	16 %	63 %
Vest - Agder	14 %	52 %
Nordland	13 %	56 %
Hordaland	12 %	52 %
Finnmark	12 %	35 %

Kjelde (Statistisk Sentralbyrå - FoU, 2008)

Vedlegg 6: Hovudtal nasjonalregnskap.

Hovedtall nasjonalregnskap, etter region, hovedvariabler, tid og statistikk variabel					
Bruttoprodukt (basis verdi)					
	2003	2004	2005	2006	2007
	Løpande priser (mill. kr)	Løpende priser (mill. kr)	Løpende priser (mill. kr)	Løpende priser (mill. kr)	Løpende priser (mill. kr)
01 Østfold	49196	52860	55148	58845	63818
02 Akershus	115523	122958	128255	139513	147935
03 Oslo	236299	259021	285723	307103	341235
04 Hedmark	37831	39962	41394	42501	44040
05 Oppland	35191	37234	38374	40682	43671
06 Buskerud	52107	54922	57849	62138	67865
07 Vestfold	45578	47743	50161	52426	55768
08 Telemark	32306	34674	36910	40826	45389
09 Aust-Agder	19343	19741	21214	23340	25238
10 Vest-Agder	33985	36572	38941	42996	50249
11 Rogaland	105959	110296	118269	137207	145820
12 Hordaland	111825	119871	129998	137964	154391
14 Sogn og Fjordane	23371	24622	26853	27911	28864
15 Møre og Romsdal	55139	56316	58936	66968	74927
16 Sør- Trøndelag	64237	65815	70812	75746	84479
17 Nord- Trøndelag	22924	24011	24888	27192	27857
18 Nordland	46754	49039	51993	58098	59488
19 Troms Romsa	31760	33664	34641	37591	37735
20 Finnmark Finnmárku	13011	13678	15551	16922	17406

(Statistisk Sentralbyrå - nasjonalregnskap)